

Nynorsk i praksis

Lærarstudentar møter nynorskelevar

Fase II

Sluttrapport for prosjektåret 2009/2010

Berit Westergaard Bjørlo
Reidunn Hernes

August 2010



Innhald

1 Prosjektrammer	4
1.1 Mål og metodar	4
1.2 Prosjektansvarlege.....	4
1.3 Andre deltakarar	5
1.4 Nynorsk i lærarpraksis og i norskstudiet.....	5
2 Aktivitetar.....	5
2.1 Aktivitetar i arbeidsgruppa og referansegruppa	5
2.2 Møte med studentar	6
2.3 Vidareutvikling av studentoppgåva ”Bok i praksis”	6
3 Spørjeundersøking I	7
3.1 Målform og målskifte.....	7
3.2 Holdningar til lærarpraksis i nynorskklasse	8
3.3 Holdningar til nynorsk	8
3.3.1 Kva meiner studentane om den plassen nynorsk har i samfunn og skole?	8
3.3.2 Finst det samanheng mellom holdningar og språkbakgrunn?	8
3.4 Motivasjon og læringsstrategiar for å utvikle nynorskkompetansen	9
3.5 Kva krav stiller studentane til god nynorskundervisning?	10
4 Spørjeundersøking II	11
4.1 Kan vi spore holdningsendringar og betre kompetanse?	12
4.1.1 Lærarpraksis i nynorskklasse: Frå nei takk til ja takk.....	12
4.1.2 Korleis grunngir studentane positive praksiserfaringar?.....	12
4.1.3 Reell betring i nynorsk skrivekompetanse?	13
4.2 Kva for hjelp er best?	13
4.2.1 Rettleiing og samarbeid.....	13
4.2.2 Ordbøker.....	14
4.2.3 Ande læringsressursar	14
4.3 Norsk tospråkleg tekstkultur som didaktisk fordring	15
4.3.1 Kva seier læreplanen?	15
4.3.2 Høgtlesing på begge målformer	15
4.3.3 Nynorskbok i lærarpraksis	15
4.3.4 Nynorskbok på biblioteket	16
4.3.5 Møte med ein nynorskforfattar.....	17
5 Kartlegging av nynorskkompetanse gjennom språkstoppgåver	17
5.1 Utfyllingsoppgåva	17
5.1.1 Heilskapsinntrykk.....	18
5.1.2 Samanlikning av N-gruppa, BN-gruppa og B-gruppa	19
5.2 Friskrivingsoppgåva	19
5.2.1 Utfordringane i oppgåva.....	19
5.2.2 Feiltypar i friskrivingsoppgåva	19
5.3 Elevtekstoppgåva	21
5.3.1 Presentasjon av oppgåva	21
5.3.2 Kva for korrigeringar gjer studentane?	21

5.4 Samanheng mellom meistringsgrad i dei tre oppgåvetypene (høgt skår i utfyllingsoppgåva = høgt skår i elevtekst osv?)	24
5.4.1 Den lettaste og den vanskelegaste oppgåva	25
5.4.2 Frå gruppe til enkeltindivid – frå klare mønster til store sprik.....	26
5.4.3 Skilnadene mellom N-studentane, BN-studentane og B-studentane	26
5.5 Korleis oppfatar studentane sin eigen kompetanse?	26
5.6 Kva kan språkestoppgåvene fortelja oss? Ei oppsummering.....	27
5.6.1 Verb som utfordring	27
5.6.2 Vanskegrad i ulike typer oppgåver.....	28
5.6.3 Manglande kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen.....	28
5.6.4 Verdien av eigenvurderingar	28
6 Refleksjon over kompetansemål for nynorsk i lærarpraksis	28
6.1 Krav til korrekt språk	29
6.2 Norskdidaktikk – ein møtestad mellom språkkunnskap og tekstkunnskap.....	29
6.3 Kompetansehevande arbeidsmåtar	29
6.4 Øvingslærarrolla.....	30
6.5 Samvirke mellom fagstudium og praksiserfaringar	30
6.6 Geografi og nynorsklæring.....	30
7 Konklusjonar	31
7.1 Lærarpraksis i nynorskklasser: frå skepsis til engasjement.....	31
7.2 ”Før hadde eg ikkje peiling, men no går det mykje betre”	31
7.3 Didaktisk kompetanse	32
7.4 Nynorsk i lærarutdanninga	33
Kjelder.....	35
Vedlegg	36
Vedlegg 1 Samtykkeerklæring	36
Vedlegg 2 Deltakarbevis	37
Vedlegg 4 Notatet ”Erfart og tenkt om studentars nynorskkompetanse i lærarpraksis”	39
Vedlegg 5 Spørjeskjema I, november 2009	41
Vedlegg 6 Spørjeskjema II, april 2010.....	45
Vedlegg 7 Kartlegging gjennom språkestoppgåver – poengskjema	52
Vedlegg 8 Analyse av nynorskkompetanse – system for poengutrekning.....	53
Vedlegg 9 Resultat frå utfyllingsoppgåva i tabellform.	54

1 Prosjektrammer

1.1 Mål og metodar

Forsknings- og utviklingsprosjektet *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar* har hatt tre hovudmål. For det første har tanken vore å utvikle og kartleggje *nynorskkompetanse* hos studentar som er i praksis på nynorskskular. Dernest har prosjektet villa undersøke *holdningane* studentane hadde til nynorsk generelt og nynorskkompetanse i lærarrolla spesielt – før og etter praksis på nynorsksskole. Til sist har prosjektet ønskt å inkludere øvingslærarar i ein *didaktisk* og erfaringsbasert refleksjon om studentars nynorskkompetanse i lærarpraksis.

Omgrepet nynorskkompetanse blir sett i eit lærarutdanningsperspektiv og omfattar i dette prosjektet både meistring av nynorsk skriftspråk og fagdidaktisk kompetanse. Sistnemnde inkluderer både språkopplæring og formidling og bruk av nynorske tekstar innanfor ulike sjangrar og fagtradisjonar.

Prosjektet, som blei avslutta i juni 2010, har vore delt i to fasar. Denne sluttrapporten omhandlar i første rekkje fase II, 2009/2010. Fase I blei gjennomført i 2008/2009, jf rapport datert august 2009, tilgjengeleg på Nynorsksenteret.no:

www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Nynorsk_i_praksis_sluttrapport_nov_09.pdf

Både i fase I og II er det blitt lagt vekt på desse arbeidsmåtane:

- Kartlegging av holdningar og kompetanse gjennom spørjeskjema
- Stimuleringstiltak i form av kurs, seminar, nettressursar og rettleiing
- Praksisoppfølging
- Nettverkssamarbeid mellom øvingslærarar og høgskolen

Fase II har likevel lagt større vekt på kartlegging av nynorskkompetanse. Her er informantane si eiga vurdering av kompetansenivå blitt jamført med resultat frå språkstoppgåver.

Prosjektet som heilskap har vore både eit forskingsretta og deskriptivt arbeid, der kartleggingsmetodar har stått sentralt, og eit utviklingsarbeid, der dei prosjektansvarlege har vore aktørar i tiltak med normativ karakter.

1.2 Prosjektansvarlege

Overordna prosjektleiar har vore Berit Westergaard Bjørlo, høgskolelektor i norsk ved Høgskolen i Bergen. I fase I har dessutan Morten Rønning, høgskolelektor i norsk ved HiB vore medarbeidar. I fase II har Reidunn Hernes, førsteamanuensis i norsk ved HiB, hatt hovudansvar for å utarbeide og analysere språkstoppgåvene som blir omtalte i kapittel 5.

1.3 Andre deltakarar

Saman med prosjektleiaren har øvingslærarane Mette Eliassen (Søfteland skule) og Elin Svenning Berge (Søfteland skule) utgjort ei *arbeidsgruppe*. Eliassen og Berge har også delteke i ei *referansegruppe* saman med øvingslærarane Ida Bjørkhaug (Os skule) og Ann-Kristin Sunde (Os skule).

Studentdeltakarane i 2009/2010 har vore 20 førsteårsstudentar som har hatt til saman sju vekers lærarpraksis i nynorskklassar. Studentgruppa var organisert i fem praksisparti som var utplasserte på tre ulike barneskolar i Os, ein nynorskkommune som grensar til bykommunen Bergen. Det er praksiskontoret ved Høgskolen i Bergen som har ansvar for å organisere praksisgrupper, og dei prosjektansvarlege har derfor ikkje hatt innverknad på kva for studentar av årskullet som blei plasserte på nynorskskolar.

Studentane har gitt skriftleg samtykke til å delta i anonymiserte spørjegranskingar og kartleggingar (vedlegg 1). Ved slutten av studieåret fekk studentane ein dokumentasjon på deltakinga i prosjektet (vedlegg 2).

1.4 Nynorsk i lærarpraksis og i norskstudiet

Det obligatoriske norskfaget (30 stp) i allmennlærerutdanninga ved HiB har dei siste åra vore lagt til første studieåret. I emnet Språkkunnskap (12 stp), har nynorsk vore obligatorisk målform både for skriftlege forprøver og for ein avsluttande skoleeksamen. I emnet Tekstkunnskap (12 stp) har bokmål vore obligatorisk målform til eksamen, men store delar av både teoripensum og tekstpensum har vore på nynorsk, og forprøvene har hatt valfri målform.

Studentane i denne studien har altså både lese og skrive nynorsktekstar i norskfaget på høgskolen og hatt nynorsk som bruksspråk i lærarpraksis.

2 Aktivitetar

2.1 Aktivitetar i arbeidsgruppa og referansegruppa

Prosjektleiaren har hatt til saman fire møte med arbeidsgruppa og referansegruppa. Møta blei brukte til å drøfte strategiar og metodar for å vidareutvikle studentane sin nynorskkompetanse, utveksle erfaringar frå praksisperiodane og planleggje ei prosjektsamling for studentar og øvingslærarar.

Alle medlemmene i arbeidsgruppa deltok på ei FoU-samling i Volda 22.-23. oktober 2009 i regi av Nynorsksenteret. Mette Eliassen og Elin Svenning Berge hadde munnleg framlegg med temaet "Nynorsk i alle fag - kompetansemål for lærarpraksis". Sentrale spørsmål var: Kva inntrykk har øvingslærarane av studentane sine holdningar og kunnskapar om nynorsk? Kva krav skal vi stille til nynorskbruk og nynorskkompetanse i lærarpraksis? Korleis skal vi rettleie og stimulere studentane til å utvikle nynorskkunnskapane sine? Framlegget er nedfelt i

eit skriftleg notat om kompetansekrav og rettleingsstrategiar for lærarstudentar som har praksis i nynorskgrupper (vedlegg 4).

2.2 Møte med studentar

Det blei arrangert fire samlingar for studentgruppa:

Første samling, 9. november 2009

Samlinga var lagt til veka før første undervisningspraksis og hadde dette innhaldet:

- a) Utfylling av spørjeskjema I. Her vurderte studentane sine egne nynorskkunnskapar, holdningar til nynorsk generelt og holdning til å ha lærarpraksis i nynorskklassar.
- b) Informasjon om praktisk bruk av hjelpemiddel og læringsressursar: Studentane fekk rettleiing i å bruke *Nynorskordboka* på nett og høve til å bli kjende med Språkrådets interaktive nettkurs for nynorsk og Nynorsksenterets nettstad.
- c) Orientering om støttemateriell på læringsplattforma *It's learning* (sjå dokumenta "Sjekkliste for nynorsk", "Lesestoff på nynorsk" og "Nynorsk på nett" i *Sluttrapport, fase I august 2009*, vedlegg 4, 5 og 6).
- d) Presentasjon av dokumentet "Råd for nynorsk i lærarpraksis" (vedlegg 3).

Andre samling, 27. januar 2010

Frivillig nynorskkurs over tre timar. Feiltypar i innlevert skriftleg arbeid var utgangspunkt for repetisjon av reglar og for supplerande nettbaserte øvingar.

Tredje samling, 17. mars 2010

Samlinga var integrert i praksisplanen til studentane og lagt til Os barneskule. Samlinga hadde to hovudemne:

- a) Foredrag av forfatterna Erna Osland: "Forfattarbesøk i skolen: Kvifor og korleis?" Osland formidla egne erfaringar og presenterte utvalde bøker frå forfattarskapen.
- b) Foredrag av skolebibliotekar Annbjørg Daland om biblioteket som læringsarena og om prosjektet *Vi les, skriv og syng nynorsk* på Os skule, eit prosjekt som også er finansiert av Nynorsksenteret. Studentane fekk innblikk i korleis ein kan arbeide med eit konkret FoU-prosjekt for å styrkje nynorskbruken og nynorskkompetansen hos elevar og lærarar på ein barneskule. Samlinga inkluderte ei omvisning i biblioteket, der mellom anna bøker av Osland og andre nynorskforfattarar var utstilte.

Fjerde samling, 20. og 28. april 2010

Spørjegransking II, inkludert språkestoppgåver, blei gjennomført etter siste praksisperiode.

Praksisoppfølging

I haustsemesteret besøkte prosjektleiaren to praksisparti på Søfteland skule.

2.3 Vidareutvikling av studentoppgåva "Bok i praksis"

I fase I av prosjektet utarbeidde prosjektleiaren studentoppgåva "Bok i praksis", der formålet var å gjere studentane kjende med eit visst mangfald av nynorsklitteratur for barn og unge. I studieåret 2009/2010 blei denne oppgåva integrert i det obligatoriske norskfaget for *alle* førsteårsstudentar. Studentane valde ut, presenterte og vurderte åtte bøker som kunne egne seg for den elevgruppa dei møtte i praksistida. Det blei stilt krav om god sjangerbreidd i

utvalet, der både forteljingsbok, bildebok, lyrikkbok og fagbok skulle vere representert. For studentar som hadde praksis i nynorskklassar, var kravet at minst fem av dei åtte bøkene skulle vere på nynorsk. For studentar med praksis i bokmålsklassar, var kravet minst tre nynorske bøker. Studentane leverte inn til vurdering ein skriftleg rapport med bokomtaler, didaktiske vurderingar og skisse til undervisningsopplegg. I tillegg blei dei oppfordra til å bruke bokutvalet som ein ressurs i undervisninga i lærarpraksisen.

I oppgåveinstruksjonen blei det vist til fleire nettstader med kvalitetssikra informasjon om barne- og ungdomsbøker, blant anna nettstaden til Nynorsksenteret. Slik fekk heile årskullet (ca 250 studentar) kjennskap til informative nettstader om skjønnlitteratur og fagbøker for barn og unge og insitament til å søkje etter relevante tekstar på både bokmål og nynorsk. Ved Høgskolen i Bergen er denne oppgåvetypen no fagplanfesta som forprøve i det obligatoriske norskfaget i den nye grunnskolelærarutdanninga for 1.-7. trinn.

3 Spørjeundersøking I

Målet for spørjeundersøking I (november 2009) var å avdekkje kva holdningar og kompetanse informantane seier dei har om nynorsk *før* dei startar opp med første lærarpraksis. 17 av 20 leverte svarskjema.

Spørjeskjemaet hadde tre delar. Del a) kartla målform og dessutan holdningar til lærarpraksis i nynorskklassar. Del b) registrerte språkpolitiske holdningar. Del a) og b) hadde bundne svaralternativ. Del c), som mellom anna kartla holdningar til nynorsk i lærarrolla og dessutan lot informantane vurdere eigne nynorskkunnskapar, hadde opne spørsmål. Eit fullstendig oversyn over spørsmål og svar er gjengitt i vedlegg 5.

I kategoriseringa av dei frie svara i del c) er informantane delte inn i tre grupper: dei som alltid har hatt bokmål som hovudmål (*B*-gruppa: 7 informantar), dei som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare, men som no har skifta til bokmål (*BN*-gruppa: 4 informantar) og dei som har nynorsk som hovudmål¹ (*N*-gruppa: 6 informantar).

3.1 Målform og målskifte

Studentane blei spurde om kva målform dei har eller har hatt som hovudmål og om årsaker til eit eventuelt målskifte. 11 oppgir at dei reknar bokmål som hovudmålet sitt i dag. 4 av desse har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare. Ein som skifta til bokmål i vidaregåande skole grunnir målskiftet slik: ”Det tar alltid tar mye mer tid før man får tak i lærebøker på nynorsk”. To skifta til bokmål ved overgang til høgare utdanning og svarer at det er meir naturleg og enklare å skrive bokmål sidan mesteparten av undervisninga foregår på bokmål. Éin student oppgir ikkje nokon grunn for målskiftet.

Blant nynorskbrukarane skifta éin frå bokmål til nynorsk og grunnga målskiftet med ei interesse for dialektord og eit ønske om å kompensere for manglande nynorskkunnskapar i tidlegare skolegang.

¹ N-gruppa inkluderer ein informant (N1) som har skifta målform frå bokmål til nynorsk.

3.2 Holdningar til lærarpraksis i nynorskklasse

Ei spørsmålsgruppe dreidde seg om holdningar til og kompetanse i å undervise elevar som har nynorsk som opplæringsmål. Eit knapt fleirtal av informantane (53 %) oppgir at dei ville valt å ha praksis i ein bokmålsklasse, ikkje i ein nynorskklasse, dersom dei sjølve kunne bestemme dette. Det er derfor noko overraskande å merke seg at heile 16 av 17 svarer at dei ser det som positivt – i stor eller nokon grad – å ha praksis på ein nynorskskole. Den positive holdninga kan tyde på at nesten alle studentane ser nytteverdien i å bruke nynorsk over tid i lærarpraksis, truleg fordi dei i utgangspunktet ikkje kjenner seg som sikre nok nynorskbrukarar. Fleirtalet (10 av 17) oppgir at det i stor eller nokon grad vil vere vanskeleg eller ekstra arbeidskrevjande å meistre nynorsk i lærarpraksis.

Berre 35 % svarer nei på spørsmål om dei kan tenkje seg å arbeide på ein nynorskskole i framtida, mens heile 65 % i stor eller nokon grad kan tenkje seg å gjere det. Fleirtalet inkluderer altså nynorskkompetanse som ein muleg del av si eiga framtidige lærarrolle.

3.3 Holdningar til nynorsk

I del b tek informantane stilling til nokre meir generelle påstandar om den plassen nynorsk har i samfunn og skole.

3.3.1 Kva meiner studentane om den plassen nynorsk har i samfunn og skole?

Eit stort fleirtal (14) oppgir at dei er samde i at nynorsken er ein viktig del av norsk kulturarv og at det er positivt at norsk skriftspråk byggjer på dialektane. 15 er også samde i at det kan vere utviklande for språkkompetansen å meistre to skriftspråk. Men 7 informantar meiner at nynorsk er vanskeleg å lære og heile 10 er ueinige i at nynorsk er eit bruksspråk som passar i alle samanhengar. Nynorsken blir altså av fleirtalet i større grad knytt meir til kulturarv og dialektar enn til allsidig bruksspråk. Men svara viser likevel jamt over positive holdningar til nynorsk.

Heile 88 % svarer ja på spørsmål om det er rimeleg at allmennlærarar skal meistre både bokmål og nynorsk. Eit stort fleirtal gir altså her uttrykk for at ein tospråkleg norskkompetanse bør vere ein naturleg del av ei profesjonell lærarrolle.

3.3.2 Finst det samanheng mellom holdningar og språkbakgrunn?

Når studentane i del c av spørjegranskinga uttrykkjer meiningar og tankar om nynorsk i frie svar, blir biletet meir samansett og komplekst, og holdningane varierer til dels på bakgrunn av kva målform dei har og har hatt som hovudmål.

I bokmålgruppa sprikar meiningane. 3 informantar gir uttrykk for at nynorsken *ikkje* bør ha ei like sterk stilling som bokmål:

”Det bør være frivillig.” (B3) ”Nynorsken klynger seg til illusjonen om at det er det mest norske språket. Noe det ikke er.” (B2) ”Jeg mener det er naturlig at bokmål dominerer i det offentlige rom når omtrent 85 % at det norske folk har det som sitt hovedmål.” (B4)

3 andre bokmålsinformantar forklarar meir nøkternt bokmålsdominansen i samfunnet utan å ta personleg stilling. Éin beklagar at mange har negative holdningar til nynorsk: ”Det blir ofte sett ned på, det er ikke bra. Det er jo faktisk det som ”er” norsk.” (B7)

Nynorskgruppa er samstemt i både å forsvare nynorsken og beklage at mange ser ned på målforma. Fleire utsegn peikar i retning av at desse kjenner seg marginaliserte som nynorskbrukarar:

”Syns det er dumt at så mange bokmåls menneske vil så å seie utrydde nynorsken” (N4) Målforma slit med alltid å vere sett i samanheng med noko negativt, t.d, tvang” (N1) ”Eg tykkjer at nynorsken blir sett litt ned på i dagens samfunn.” (N6) Mange lærarar stiller seg negative til nynorsken.” (N2)

Men vi møter også ei offensiv holdning: ” Nynorsken er viktig, og vi må derfor ta vare på den.” (N3)

I målskiftegruppa sprikar meiningane noko. Ein uttrykkjer at det ”er berre stress at ein skal lære seg to målformer (BN1), mens ein annan forsvare nynorsken og hevdar av vi burde ”prøve å holde fast i den enda meir”. (BN4) Ein har ikkje svart og ein uttrykkjer seg i nøytrale vendingar.

Når studentane gjer greie for personlege erfaringar med nynorsk, går i hovudsak dei same meiningsforskjellane igjen. I bokmålsgruppa ytrar 4 ønske om valfridom med omsyn til skriftleg nynorskopplæring. Men dei som er negative til obligatorisk nynorskopplæring, uttrykkjer likevel aksept for at dei som ønskjer å bruke nynorsk, skal få høve til det. Det er elles interessant at 2 informantar seier at dei har endra syn på nynorsk i positiv retning, den eine med ei geografisk grunngjeving, den andre på bakgrunn av utdanningserfaring:

”Likte det ikke i det hele tatt da jeg vokste opp på Østlandet, og så ikke vitsen med det. Etter ganske mange år på Vestlandet liker jeg det bedre.” (B1) ” Før jeg begynte på ALU var jeg negativ , syntes jeg at det var unødvendig med sidemål. Nå etter å ha lest så mye pensum på nynorsk, er jeg mer positiv. Skulle ønske jeg hadde lært mer nynorsk tidligere.” (B7)

I nynorskgruppa gir alle svar uttrykk for ei tydeleg tydeleg positiv holdning. I bokmåls- og målskiftegruppa sprikar oppfatningane meir. Men totalt er det likevel berre 5 studentar som uttrykkjer klart negative holdningar til nynorsk som samfunnsberande språk. Denne kritikken er særleg retta mot krav om skriftleg nynorskopplæring i skolen.

3.4 Motivasjon og læringsstrategiar for å utvikle nynorskkompetansen

Kva motivasjon og læringsstrategiar har så studentane for å betre eigne nynorskkkunnskapar? Utsegnene om motivasjonsgrad kan sorterast slik:

Null/Ganske dårleg: 3

Sånn passe: 2

Bra/god/topp: 4

Veit ikkje:1

Utan direkte svar om motivasjon: 7

Få studentar uttrykkjer altså direkte svak motivasjon, men sjølv hos den mest umotiverte finst klare meiningar om kva som må til for å betre nynorskkunnskapane:

”Null motivasjon. Må lære kjønn. For meg finnes det ikke logisk at en stol er hokjønn (eller hankjønn). Jeg tror lesing og skriving er den beste læringsmetoden.” (B2)

8 informantar veit ikkje eller svarer ikkje på kva motivasjon dei har. Det tyder kanskje på at mange er avventande til kva innsats som krevst og kva innsats dei sjølve ønskjer å gjere for å utvikle nynorskkompetansen. Men dei som ikkje gir konkrete svar, informerer likevel om kva læringsstrategiar dei har tru på, og desse svara kan derfor kanskje tolkast som eit signal om ein viss positiv motivasjon.

Det er to nynorskbrukarar som aller tydelegast uttrykkjer ønske om å lære meir nynorsk: ”Motivasjonen er på topp, eg vil gjerne forfriske nynorsken min.” (N 4) og ” Eg ser fram til å gjere nynorsken min betre.” (N 3) Dei karakteriserer nynorskkunnskapane sine som gode, og vil dermed truleg perfeksjonere ein allereie habil nynorskkompetanse.

Informantane viser tiltru til varierte læringsstrategiar. Dei fleste nemner kombinasjonen av å pugge reglar og å lese og skrive mest muleg nynorsk som viktige vegar til læring.

3 bokmålsbrukarar nemner eksplisitt det gode utbyttet av å lese fagstoff på nynorsk i norskfaget i allmennlærerutdanninga²:

”Når nesten alt pensumet er på nynorsk, er jeg jo simpelthen nødt til å lese store mengder nynorsk språk.” (B4) ”Jeg har lært mye av å lese faglitteratur på nynorsk.” (B5) ”Før jeg begynte på ALU var jeg negativ, syntes at det var unødvendig med sidemål. Nå etter å ha lest så mye pensum på nynorsk er jeg mer positiv. Skulle ønske jeg hadde lært mer nynorsk tidligere”. (B7)

Utsegnene tyder på at desse ser det som ei ny og lærerik erfaring å lese fagstoff på nynorsk, noko som i så fall understrekar læringsverdien ved å møte nynorsk faglitteratur.

3.5 Kva krav stiller studentane til god nynorskundervisning?

Kva for kompetanse bør ein god nynorsklærer ha? Fleire informantar finn dette spørsmålet vanskeleg å svare på. Om lag ein tredjedel har enten ikkje svart eller har svar av typen ”veit ikkje”, ”usikker”, ”vanskeleg å svare på”. Ei årsak kan vere at didaktisk refleksjon er krevjande for lærarstudentar tidleg i studiet.

Ei anna årsak er kanskje også denne: For nynorskbrukarane (der halvparten ikkje svarte) har nynorsk vore det sjølvsagte bruksspråket i alle fag og ikkje knytt til ein særskilt sektor av norskfaget. Generelt har også diskusjon og refleksjon om nynorskundervisning i norsk skolerøyndom vore mykje tettare knytt til sidemålsdidaktikk enn til hovudmålsdidaktikk. Nynorskundervisning for hovudmålslevar har ikkje vore tematisert på same måte som nynorsk sidemålsundervisning.

² Studentane hadde i haustsemesteret to norskemne, ”Munnleg kommunikasjon” (6 stp) og ”Tekstkunnskap” (12 stp), der dei fleste lærebøkene er på nynorsk. Dei to emna er elles ikkje knytt til nynorskopplæring eller prøving i nynorskkompetanse. Å lese faglitteratur på nynorsk blir altså i seg sjølv opplevd som læringsfremjande.

Ei tredje årsak til manglande svar kan vere at studentane eventuelt har fleire meiningar om kva som er dårleg nynorskundervisning enn kva som er god. Det kan hende dei veit meir om kva som ikkje fungerer enn kva som fungerer som god nynorskpraksis i klasserommet.

Gode formalkunnskapar om regelverket er det kravet til nynorskkunnskapar som studentane nemner oftast. 6 framhevar god regelkunnskap som viktig. 4 fokuserer på formidlingsevne og evne til å motivere elevane, og 4 meiner det viktigaste er at læraren sjølv er ein sikker og trygg nynorskbrukar. Ein informant nemner at ein god nynorsklærer også må kjenne til sideformene.

Saman med formidlingsevne framhevar studentane altså den *språklege* kompetansen. Ingen knyter omgrepa nynorsklærer og nynorskundervisning til ein litterær kompetanse eller til tekstkunnskap i vidare forstand. I eit didaktisk perspektiv er dette noko å merke seg og kan gi grunnlag for å hevde at samanhengen mellom språkkompetansen og tekstkompetansen bør framhevast sterkare både i grunnskoleundervisninga, lærarutdanninga og i fagbøker om nynorskdiraktikk.

4 Spørjeundersøking II

Spørjeundersøking II blei gjennomført i april 2010, dvs etter at siste praksisperiode var slutt. Vedlegg 6 gir ei fullstendig oversikt over spørsmål og svar. Alle 20 studentane leverte svarskjema, i motsetnad til svarprosenten på 85 i spørjeskjema I.

Også svara i undersøking II er ordna i tre grupper etter kva målform studentane har eller har hatt som hovudmål. Som følgje av auka studenttal har fordelinga av informantar i dei ulike gruppene endra seg samanlikna med spørjeundersøking I.³ Gruppa med nynorskbrukarane er blitt større enn bokmålsgruppa, og slår vi saman N-gruppa og BN- gruppa, har 70 % av studentane no i større eller mindre grad nynorskbakgrunn.⁴

Første delen omhandlar hovudsakleg erfaringar med lærarpraksis i nynorskklasse gjennom heile det første studieåret. Spørsmåla er organiserte i fire hovudområde: *holdningar* til nynorsk og nynorskundervisning, *kompetanse* i skriftleg nynorsk, *utbytte* av rettleing, seminar og læringsressursar og til sist didaktiske *erfaringar*.

Siste delen av spørjeskjema II kartlegg nynorskkompetanse ved hjelp av ulike språktestar, blant anna friskrivingsoppgåva "Praksisstudent på ein nynorskskole – ei personleg opplevingsforteljing". Den *språklege* nynorskkompetansen i desse tekstane blir analyserte i kap 5, mens relevante *innhaldsmoment* frå friskrivninga blir kommenterte her. Studentane si vurdering av eigen nynorskkompetanse blir kommentert begge stader.

³Spørjeundersøking I (17 informantar): B-gruppa: 7, BN-gruppa: 4, N-gruppa: 6

Spørjeundersøking II (20 informantar): B-gruppa: 6, BN-gruppa: 6, N-gruppa: 8

Det samla studenttalet var 20 både i haust- og vårsemesteret, men tre av studentane leverte ikkje svarskjema i første gransking. I tillegg var det i vårsemesteret ei utskifting. Ein student som ikkje fullførte lærarstudiet var bokmålsbrukar, og ein ny student var nynorskbrukar. Dermed blir talet på bokmålsbrukarar lågare i siste spørjegransking enn i første, sjølv om informanttalet samla sett auka frå 17 til 20.

⁴Spørjeundersøking I: 60 % av informantane har nynorskbakgrunn (N- og BN-gruppa).

4.1 Kan vi spore holdningsendringar og betre kompetanse?

4.1.1 Lærarpraksis i nynorskklasser: Frå nei takk til ja takk

Både i spørjegransking I og II spør vi om nynorskskolar vil vere ein aktuell arbeidsplass for informantane. I november 2009 svarte 65 % at dei i stor eller nokon grad kunne tenkje seg å arbeide på ein nynorskskole i framtida, mens 28 % svarte nei.⁵ I april 2010 ser vi at 85 % er positive til å ha ein nynorskskole som framtidig arbeidsplass, berre 15 % er negative. Svara tyder altså på at praksiserfaringane har ført til ein auke i talet på studentar som kan tenkje seg nynorskskolar som ein potensiell framtidig arbeidsstad.

Novembergranskinga viser som før nemnd at halvparten ville – om dei kunne – vald lærarpraksis i bokmålsklasse, men at 16 av 17 informantar likevel i stor eller i nokon grad var positive til å ha praksis i nynorskklasser, truleg på basis av forventa læringsutbytte. Aprilgranskinga følgjer denne problemstillinga opp med spørsmål om det har vore ei god erfaring å ha hatt lærarpraksis i ein nynorskklasser. Svara viser tydeleg at forventningane til læringsutbytte blei innfridde, da *alle* informantane i *alle* dei tre målbrukskategoriane uttrykkjer klart at dei har opplevd lærarpraksis på nynorskskole som ei positiv erfaring.

4.1.2 Korleis grunngir studentane positive praksiserfaringar?

Læringsaspektet står sentralt i grunnivinga. I B-gruppa og BN-gruppa gir alle uttrykk for at dei har lært mykje nynorsk gjennom å bruke språket aktivt i lærarpraksis. Her ser vi ein tett samanheng mellom positive holdningar og ein auka grad av *meistring*. Ein student svarer slik: ”Jeg ser det som en positiv erfaring fordi jeg har blitt bedre i nynorsk. Jeg synes det er lettere og føler at jeg ikke strever så mye.” (B 6)

Nynorskbrukarane forankrar først og fremst dei positive praksiserfaringane i ei *språkleg identitetskjenning*, som til dømes blir uttrykt slik: ”Det er sjølvstøtt positivt for meg å ha hatt lærarpraksis i nynorskklasser, sidan eg sjølv har vakse opp med nynorsk i skulen.” (N 3)

I friskrivingsoppgåva utdjuar mange av informantane praksiserfaringane sine. Det er særleg interessant å sjå korleis utsegner frå B-gruppa og BN-gruppa understrekar samanhengen mellom *trivsel* og *læringsutbytte*:

”Alt i alt syns eg det gjekk veldig greitt, og det at eg måtte skrive planleggingskjema på nynorsk hjalp meg og.” (B1) ”Eg har berre positive erfaringar frå praksistida på ein nynorskskule. Eg vil sei at eg har forbetra meg i å skrive nynorsk. Før hadde eg ikkje peiling, men no går det mykje betre.” (B6) ”Det var veldig kjekt å vere i praksis på ein nynorskskule. Eg fekk veldig mykje ut av det og merkar at eg har blitt mykje flinkare i nynorsk.” (B7) ”Å vere i praksis på ein nynorskskule var veldig OK. Me har fått erfare at det lønner seg å sjekke med ordboka når vi skriv noko på tavla.” (BN1) ”Eg opplevde heile praksistida som noko nytt, men spennande. Kvar dag lærte eg noko nytt. Sjølv bruker eg berre bokmål til vanleg, men no måtte eg [i vårsemesteret] bruke nynorsk i fire heile veker.” (BN6)

⁵ Ein informant har ringa inn alle svaralternativa og er derfor ikkje teken med i prosenttala oppgitt ovanfor (jfr note 2)

Ein del av desse studentane legg vekt på at dei i utgangspunktet kjende det som ei krevjande utfordring å nytte nynorsk i undervisninga, men alle gir også uttrykk for at dei lærte mykje undervegs og blei gradvis tryggare i rolla som nynorsklærer.

Nynorskbrukarane sine kommentarar om praksiserfaringane er mindre homogene og ikkje einsegn konsentrerte om meistring av basiskunnskapar. Læringsutbyttet deira synest først og fremst å vere knytt til eit auka *språkleg medvit* og til *didaktiske refleksjonar*:

”Bruk av a-infinitiv [i praksisperiodane] har vore med på å auke medvit om bøyingsformer” (N1) ”Eg har vorte meir merksam på å skrive rett, sidan det er viktig i undervisninga og i oppgåver relatert til skulen.” (N2) ”Eg har lært mykje av å skrive fagtekstar på nynorsk og finna gode nynorskbøker til barn og unge.” (N7) ”Eg tykte det var veldig spennande å vere med på ’rettleia lesing’.” (N8)

Men fleire av nynorskbrukarane peikar også på at bokmålsdominansen i samfunnet gjer det vanskeleg å vere ein trygg og god nynorskskrivar – også når nynorsk er hovudmålet:

”Når eg jobba med oppgåver i norsk på praksisskulen, skulle eg ønskje er var meir sikker på kunnskapen rundt nynorskskriving. Slik som ein lever i dag, er bokmål dominerande. Det er lett å la nynorsken falle bort, og dette merka eg når eg skulle hjelpe elevane. Også elevane hadde lett for å blande nynorskord og bokmålsord. Dette gav meg inspirasjon til å arbeide meir med å skrive nynorsk.” (N4).

”Sidan eg voks opp i ein nynorskkommune, har eg fått inn mykje nynorsk derifrå, men det er likevel bokmål eg er sterkast i, sikkert mykje takka televisjonen og tekstinga på bokmål.” (N6)⁶

4.1.3 Reell betring i nynorsk skrivekompetanse?

Det er vanskeleg å fastslå i kva grad nynorskbruk i lærarpraksis har ført til *reell* betring i skriftleg nynorsk. Ei subjektiv erfaring av å bli flinkare til å skrive nynorsk treng ikkje å samsvare med eit godt meistringsnivå målt etter objektive kriterium. Men i eit læringsperspektiv kan personleg erfaring av betre meistring ha stor eigenverdi gjennom å motivere for vidare læring. Kap 5 drøftar nærmare i kva grad det er samanfall mellom studentane sitt meistringsnivå målt gjennom språkestoppoppgåver og deira egne subjektive vurderingar av nynorskkompetansen.

4.2 Kva for hjelp er best?

4.2.1 Rettleiing og samarbeid

Rettleiing frå øvingslærarar og medstudentar er den hjelpa informantane oppgir å ha hatt mest nytte av for å skrive mest muleg korrekt i praksistida. Om lag 50 % svarer at dei i stor grad og 30 % i nokon grad har hatt nytte av slik personleg rettleiing. Det er særleg interessant at hjelp frå medstudentar har vore like viktig som rettleiing frå øvingslærarane. Ein god

⁶ Sitata frå N4 og N6 er henta frå svarskjema i spørjeundersøking II, vedlegg 6. Jamfører vi desse med opplysningar i skjemaet i kap 5.5, kjem det fram at N4 karakteriserer seg sjølv som ganske flink og skårar høgt på poengsum i språkestoppoppgåvene (38 poeng), mens N6 karakteriserer seg sjølv som ikkje særleg flink og har ganske låg poengsum (25 poeng). Utsegnene viser at det er stor spreing i kompetansenivå også innad i gruppa med informantar som alltid har hatt nynorsk som hovudmål.

samarbeidskultur studentane imellom har tydelegvis vore viktig for å kvalitetssikre nynorskskrivinga i lærarpraksisen. Slike erfaringar er i samsvar med sosiokulturelle læringsteoriar, som peikar på at kommunikative prosessar er fundamentale i læringsforløp.

Engasjerte øvingslærarar som både stiller krav til og hjelper studentane, blir vurderte som ein viktig læringsressurs. Fleire studentar rapporterer at rettleiing frå øvingslærarane har motivert dei til å betre nynorskkunnskapane:

”Eg fekk beskjed av øvingslærarane at det var betre å førebu det eg skulle skrive på tavla slik at det blei korrekt.” (B1) ”Kvar dag etter undervisning hadde me samtale med øvingslæraren, og då var nynorskleksjon eit fast punkt på skjema. Kvar dag valde ho to – tre ord som me hadde skrive feil og som me da måtte bøye.” (B7)

Eit slikt engasjement er ikkje sjølvst. I fase I fortalde nokre av studentane at øvingslæraren deira tillét dei å skrive bokmål både i planskjema, på tavla og i annan skriftleg tekstproduksjon. Desse studentane blei dermed i mindre grad stimulerte til å utvikle nynorskkompetansen.

4.2.2 Ordbøker

Ordbøker, både trykte og nettbaserte, har vore ein viktig hjelperessurs for ein del. Halvparten oppgir å ha brukt ordbøker enten i stor eller i nokon grad for å kvalitetssikre nynorskskrivinga. Øvingslærarane i referansegruppa meinte at nokre av studentane med fordel kunne vore meir aktive med ordlistebruk. Ordbøker var plasserte lett tilgjengeleg både i klasserom og på arbeidsrom ved nynorskskolane. Øvingslærarane rapporterte at fleire studentar fann den vesle foldaren *Nøkkel til nynorsk* (Almenningen, 2000), der regelverket blir presentert i komprimert form, som ein hendig hjelperessurs i skolekvardagen. Denne foldaren inngår også i pensumlista for emnet språkkunnskap i norskfaget på høgskolen.

4.2.3 Ande læringsressursar

Læringsressursar⁷ i ei eiga mappe på læringsplattformen *It's learning* viste seg å ha vore mindre brukt i praksistida, berre ein tredjedel oppgir å ha brukt dei i stor eller i nokon grad.

Nettstaden til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa blei presentert og brukt aktivt på to av prosjektsamlingane. Likevel oppgir berre 4 informantar å ha brukt nettstaden i løpet av studieåret, 3 har søkt etter boktips og 1 har sett nærmare på nokre grammatikkoppgåver. Men sidan studentane svarer på dette i april, er det grunn til å tru at mange kan ha gløymt at dei i haustsemesteret i norskstudiet eventuelt har brukt nettstaden til å finne barnelitteratur på nynorsk i samband med oppgåva ”Bok i praksis” (jf kap. 2.1). I rettleiingsdokumentet for denne oppgåva var nettstaden til Nynorsksenteret nemnd som ein nyttig ressurs for boktips.

Det viser seg altså at øvingslærarane og medstudentane var den viktigaste ressursen for å kvalitetssikre nynorskbruken, med ordbøker på andre plass. Ressursar som studentane må oppsøkje og ta i bruk på eiga hand, og som ikkje er knytt direkte til arbeidskrav i skolekvardagen, blir i mindre grad tekne i bruk.

⁷ Dokumenta ”Sjekkliste for nynorsk”, ”Lesetips på nynorsk” og ”Nynorsk på nett” (ei lenkjesamling til nyttige nettstader) Sjå vedlegg 4, 5 og 6 i *Sluttrapport, fase I*, august 2009.

4.3 Norsk tospråkleg tekstkultur som didaktisk fordring

4.3.1 Kva seier læreplanen?

I læreplanen for norsk i LK06 er omgrepa hovudmål og sidemål berre brukte i samband med emnet vurdering. I kompetansemåla er det omgrepa bokmål og nynorsk som er brukte som likestilte termar uavhengig av opplæringsspråk. Kompetansemåla etter 2. trinn har ikkje eksplisitt med det tospråklege perspektivet, men det er inkludert i måla etter 4. trinn. Under hovudemnet *Språk og kultur* blir det her presisert at elevane skal kunne "samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr frå fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer." Det er altså krav om at norsklærarar allereie tidleg på barnetrinnet skal gjere elevane kjende med tekstar i mange sjangrar på begge dei norske målformene. Etter 7. trinn er termen "lese" knytt til eit breitt tospråkleg tekstutval på norsk. Elevane skal kunne "lese et mangfold av tekster i ulike sjangrer og av ulik kompleksitet på bokmål og nynorsk: norske og oversatte, skjønnlitterære tekster og sakprosa-tekster." Som sluttkompetanse på 10. trinn skal elevane kunne meistre bokmål og nynorsk like godt og kunne lese og skrive ulike tekstsjangrar på begge målformer.

Læreplanen gir ikkje kvantitative føringar for fordelinga av nynorsk- og bokmålstekstar i norskpensumet, men det er tradisjon for at tekstar på elevane sitt hovudmål får vere i fleirtal, særleg der bokmål er opplæringsmålet. Nynorskelevar har ofte ikkje møtt same grad av mangfald og mengd av tekstar på hovudmålet sitt som bokmålelevar. Mykje tyder på at nynorskelevar les for lite nynorsk til at dei kan vere trygge nynorskskrivarar. Bokmålsdominansen generelt i samfunnet skaper eit særleg behov for at nynorskelevar på skolen får møte eit godt og variert utval av nynorske tekstar i alle fag.

4.3.2 Høgtlesing på begge målformer

Lesing som grunnleggjande ferdigheit omfattar både stillelesing og høgtlesing, og lesekompetanse må derfor innebere å kunne lese tekstar både på nynorsk og bokmål høgt og dermed meistre konvensjonar for leseuttale for begge dei norske målformene. Det er derfor eit mål at lærarstudentar utviklar seg som gode høgtlesarar av både bokmåls- og nynorsktekstar slik at dei også kan rettleie elevar i høgtlesing.

Høgtlesing var ein del av praksiserfaringane. 9 informantar oppgir at dei hadde behov for å øve seg i forkant for å meistre betre å lese høgt på nynorsk. Alle desse hadde bokmålsbakgrunn enten heile eller delar av skolegangen.

Øvingslærarane i referansegruppa poengterte at dei oppfordra studentane til å førebu høgtlesing generelt sett, men at mange studentar med bokmål som hovudmål i særleg grad trong å øve på leseuttale av nynorsk tekst.

4.3.3 Nynorskbok i lærarpraksis

I prosjektet var ”Bok i praksis” forankra nettopp i det breie tospråklege tekstrepertoaret som norskfaget i grunnskolen skal ivareta, men også i erfaringar som tilseier at nynorsktekstar er for lite i bruk der nynorsk er hovudmålet. Som nemnd i kap 2.3 fekk studentane i oppdrag å velje ut åtte bøker i ulike sjangrar som kunne passe for alderstrinnet i praksisklassen. Fleirtalet av bøkene skulle vere på nynorsk.

I spørjeundersøking II gjer informantane greie for kva læringsutbytte dei har hatt av arbeidet denne oppgåva. Med unntak av éin som ikkje har svart, gir *alle* uttrykk for at oppgåva var nyttig. Nokre nemner at det hadde læringsverdi både å lese mange bøker på nynorsk og skrive oppgåva på nynorsk. Men dei fleste svara er didaktisk orienterte og viser at studentane fann det særleg nyttig å få oversikt over utvalet av barnebøker på nynorsk. Halvparten oppgir å ha brukt nokre av dei utvalde bøkene i løpet av praksistida. Fleire nemner dessutan eksplisitt at det er ei større utfordring å finne barnebøker på nynorsk sidan utvalet av bokmålsbøker er større.

Statistiske oversyn stadfestar at tilgangen til barne- og ungdomsbøker på bokmål er langt betre enn for nynorskbøker. Av dei 263 nye norske romanane og bildebøkene i 2008, var 13 % på nynorsk (33 stk.). Av fagbøker for barn og unge var 4 % på nynorsk (6 på nynorsk og 237 på bokmål). For nye omsette bøker var prosentdelen enda lågare; berre 3 % (12 stk.) av romanane og biletbøkene var omsette til nynorsk (Norsk barnebokinstitutt 2008).

Trass i at det på bokmarknaden finst mange færre bøker på nynorsk enn på bokmål, blir det likevel gitt ut mange nynorske kvalitetsbøker for barn og unge. Vilråra for å finne *gode* skjønnlitterære tekstar og saktekstar på nynorsk er derfor ikkje dårlege. Men skal denne kvalitetslitteraturen bli teken i bruk, er det viktig at både lærarar og bibliotekarar blir oppdaterte på det som finst.

Nynorskelevane kan sjølve vise seg å vere gode pådrivarar for å få fleire nynorsktekstar inn i klasseromma. Ein av lærarstudentane rapporterer om språkbevisste elevar:

Det var kjekt å sjå korleis ungane der eg var i praksis brukte nynorsk som ein naturleg del av kvardagen. Me fekk fort kommentarar visst med kom med ein tekst som var på bokmål (noko me som ”bokmålsfolk” ikkje hadde tenkt over ei gong). Det er godt å sjå at elevane er vakne og helst vil ha tekstane på nynorsk.” (B7)

Elevkravet om å få tekstar på nynorsk fekk altså lærarstudenten til å sjå tekstutvalet i ein nynorskidaktisk samanheng. Didaktiske fordringar frå elevar kan slik vere både nyttige og slagkraftige.

4.3.4 Nynorskbok på biblioteket

Prosjektsamlinga på Os skule hadde som intensjon å vise korleis ein barneskole arbeider aktivt for å auke tilgangen på og bruken av nynorsktekstar i skolekvardagen. Denne skolen har ved hjelp av blant anna FoU-midlar frå Nynorsksenteret satsa stort på å kjøpe inn og synleggjere eit breitt utval av nynorskbøker i biblioteket. Lærarane og skolebibliotekaren samarbeidde om eit program for å ta nynorsk i bruk på mest muleg varierte måtar både i skriving, lesing og songrepertoar. Studentresponen viser at 80 % meiner informasjonen på prosjektsamlinga var nyttig. Ein student med lærarpraksis på Os skule, gir i fritekstoppgåva denne tilbakemeldinga på nynorsksatsinga:

”I praksisperioden i haust og i vår vart eg plassert på ein nynorskskule. Eg tykkjer det var utruleg kjekt å sjå kor mykje denne skulen satsa på nynorskopplæring. På denne skulen hadde dei til dømes brukt mykje ressursar på biblioteket. Bibliotekaren som jobba der hadde mykje kjennskap til nynorske forfattarar og bøker som var satt om til nynorsk. Ho brukte mykje tid og krefter til å få elevane interesserte og motiverte til å lesa bøker på nynorsk. (N7)

Å erfare ein god praksis for formidling og prioritering av nynorskboka kan gi lærarstudentar gode impulsar til korleis dei sjølve kan bidra til å skape rom for nynorskboka i skolen.

4.3.5 Møte med ein nynorskforfattar

Forfattarbesøket med Erna Osland fekk også god respons frå studentane. 17 av dei 20 svarer at dei i stor eller nokon grad hadde utbytte av dette. Intensjonen var dels å setje søkjelys på ein allsidig og viktig forfattarskap i norsk barne- og ungdomslitteratur. Men Osland hadde også eit didaktisk perspektiv og snakka om eigne erfaringar med korleis forfattarbesøk i skolen kan vinklast på ulike måtar enten som skrivekurs, høgtlesing eller litterære samtalar.

5 Kartlegging av nynorskkompetanse gjennom språktestoppgåver

Eitt av delmåla i forskings- og utviklingsprosjektet har vore å utvikle og kartleggje nynorskkompetansen hjå informantar som har vore i praksis på nynorskskular. Arbeidet med å *utvikle* nynorskkompetanse hjå studentane er gjort greie for andre stader i rapporten (sjå t.d. kap. 2 og kap. 4), arbeidet med å *kartleggje* nynorskkompetansen skal presenterast i dette kapittelet.

Som nemnt i kap. 1.1. bruker vi i dette prosjektet omgrepet nynorskkompetanse i ei vid tyding - det omfattar både eiga meistring av nynorsk skriftspråk og fagdidaktisk kompetanse. Den fagdidaktiske kompetansen inkluderer både språkopplæring og bruk og formidling av nynorske tekstar innanfor ulike sjangrar og fagtradisjonar. Den gjennomførte kartlegginga har likevel utgangspunkt i eit litt snevrare kompetanseomgrep, som hovudsakleg fokuserer på meistring av og kunnskap om nynorsknormalen. Resultata frå kartlegginga er baserte på tre oppgåver i spørjeskjema II (vedlegg 6) - ei utfyllingsoppgåve, ei friskrivingsoppgåve, og ei oppgåve der studentane må rette ein autentisk elevtekst, skriven av ein elev frå ein nynorskskole. Dei har ikkje hatt tilgang til ordbok under løysinga av oppgåvene.

Studentane er i analysen delte i tre grupper – dei som har nynorsk som hovudmål⁸ (8 studentar), dei som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare, men som no har skifta til bokmål (6 studentar), og dei som alltid har hatt bokmål som hovudmål (6 studentar).

5.1 Utfyllingsoppgåva

I denne oppgåva blir studentane bedne om å fyller inn rette former av substantiv og verb. Det er 22 ordformer som skal fyllast inn i oppgåva. Følgjande kategoriar er testa: Substantiv eintal

⁸ Denne gruppa inkluderer ein informant (N1) som har skifta målform frå bokmål til nynorsk.

(F: freistinga, jakka), substantiv fleirtal ubestemt form (M: festar, kompisar, timar, fedrar, brør
F: mugger, mødrer, systrer N: menneske, eple), verb presens (likar, arbeider, hjelper,
fokuserer, treng), verb preteritum (fortalde, skilde), verb perfektum (lese, vore, stole). Både
hovudformer og sideformer er blitt godtekne som korrekte svar.

5.1.1 Heilskapsinntrykk

Tal på korrekte utfyllingar	Ordformer
20 /20	likar (v.pres.) festar (hankj.flt.ubf.) fortalde (v.pret.) jakka (hokj.eint.bf.)
19/20	menneske (inkjekj.flt.ubf.) freistinga (hokj.eint.bf.)
18/20	kompisar (hankj.flt.ubf.) treng (v.pres.) vore (v.perf.)
17/20	skilde (v.pret.)
16/20	timar (hankj.flt.ubf.)
12/20	mugger (hokj.flt.ubf.) lese (v.perf.)
11/20	stole (v.perf.)
10/20	arbeider (v.pres.) eple (inkjekj.eint.ubf.)
8/20	hjelper (v.pres.)
6/20	brør (hankj.flt.ubf.) fokuserer (v.pres.)
3/20	systrer (hokj.ubf.)
1/20	mødrer (hokj.ubf.)
0/20	fedrar (hankj.ubf.)

Tabell 1 Utfyllingsoppgåve

Det er mogeleg å skåre 22 poeng på denne oppgåva. Den beste studenten skårar 18 poeng, den svakaste får 11 poeng. 12 av 20 studentar får 13 eller 14 poeng (sjå fullstendig oversyn over korrekte former per student i vedlegg 9).

Det er tydeleg at nokre ord er lettare å bøye enn andre. Det er likevel ikkje like lett å finne systemet for kva som er lett og kva som er vanskeleg. Alle studentane klarer å bøye ordformene *likar (pres.)*, *festar (flt.ub.)*, *fortalde (pret.)* og *jakka (eint. bf.)*, 19 av 20 klarer òg formene *freistinga (eint.bf.)* og *menneske (flt.ubf.)*. I motsett ende av skalaen kjem slektskapsorda *fedrar*, *brør*, *systrer* og *mødrer*. Ordet *fedrar* er det ingen av studentane som klarer å bøye rett. At slektskapsorda er vanskelege, er kanskje ikkje så rart, sidan desse orda er lite brukte og uregelrett bøygd. Meir oppsiktvekkjande er det kanskje at det regelrette svake inkjekjønnsordet *eple (flt.ubf.)* berre blir bøygd korrekt av 10 av studentane. Dette blir ikkje mindre snodig av at inkjekjønnsordet *menneske (flt.ubf.)* blir bøygd korrekt av 19 av dei 20 studentane.

Denne mangelen på systematikk viser seg også andre stader – t.d. i bøyinga av hankjønnsord i fleirtal ubestemt form. Alle 20 studentane har klart å bøye hankjønnsordet *fest* korrekt. Berre 18 av 20 klarer å bøye hankjønnsordet *kompis* korrekt, og når det gjeld det svake hankjønnsordet *time*, er det berre 16 av 20 som klarer å bøye det korrekt i fleirtal ubestemt form. Verb i presens ser ut til å vere vanskeleg. Dei regelrette *e*-verba *hjelp* og *arbeide* blir bøygde rett i presens av høvesvis 8 og 10 studentar, og det svake verbet *fokusere* er det berre 6 av 10 studentar som bøyer rett.

5.1.2 Samanlikning av N-gruppa, BN-gruppa og B-gruppa

Resultata frå dei tre kartleggingsoppgåvene, sorterte etter gruppetilhøyrse, er samla i tabellar i vedlegg 7. Det er ikkje store skilnader mellom dei tre gruppene når det gjeld utfyllingsoppgåva, men ein viss tendens er likevel mogeleg å sjå. I snitt klarer nynorskbrukarane 14,9 korrekte former av 22 moglege, mens bokmålsbrukarane klarer 14. Frå bokmål til nynorsk-gruppa skårar lågast, med 13,2 korrekte former. Dei tre som skårar høgast, med 18 og 17 poeng, er alle nynorskbrukarar. Dei to som skårar svakast, med høvesvis 11 og 12 poeng, er begge i BN-gruppa.

5.2 Friskrivingsoppgåva

5.2.1 Utfordringane i oppgåva

I denne oppgåva blir studentane bedne om å skrive om lag ei halv side på nynorsk, med utgangspunkt i overskrifta ”*Praksisstudent på ein nynorskskole – ei personleg opplevingsforteljing*”. Ei slik oppgåve kan vere velegna til å få ei oversikt over kva studentane meistrar og ikkje meistrar når det gjeld skriving på nynorsk. Utfyllingsoppgåver er enkle å telje opp, og gjer det lett å samanlikne studentane, men ho måler berre det som på førehand er bestemt at ho skal måle, nemleg meistringa av utvalde substantiv og verb i det nynorske formverket. I ei friskrivingsoppgåve kjem andre problemområde og meistringsområde til syne.

5.2.2 Feiltypar i friskrivingsoppgåva

Feilkategoriar	Alle feil i studenttekstane, sortert etter feilkategori
Verbbøying <i>infinitiv</i>	Eg skulle bruke tavla og skriv på nynorsk velgja ut til slutt vil eg sei skrive og undervisa [manglande konsekvens]
<i>presens</i>	Eg veit ikkje om eg lev opp til det når eg undervis klassen eg tykjer det lønnar seg ofte
<i>preteritum</i>	Ein dag lot eg dei få spele Løko Me leste høgt sidan eg veks opp i ein nynorskkommune Det gjorde at tida gjekk fort og eg trivst (pret) vi samarbeida godt hjalp

	kvar dag lerte eg noko nytt
<i>partisipp</i>	bøker som var satt om elevar som hadde skreve bokmålsord
Substantivbøying	til alle tidar praksisperioda praksisperioda problemar
Samsvarsbøying ubestemt artikkel/substantiv	Ein anna dag ein skrift <u>ei</u> nynorskskule ein kjempefin tid ei skule ei skule
Bokmålsord	Eg forsto mi lærer rolla hendelsar kun <u>tror</u> Eg huskar best være
Adjektiv/partisipp	eg føler meg meir forbu (førebudd?) til eksamen eg er så lite vane med <i>a</i> -infinitiv
Anna	<u>anneleis</u> det er <u>og</u> mitt hovudmål til <u>trass</u> for eg skreiv <u>nokon</u> feil <u>velgja</u> ut <u>utgongspunktet</u> Me fekk kommentarar <u>visst</u> me kom.....l

Tabell 2 Feiltypar i friskrivingsoppgåve

Det varierer mykje kor langt studentane skriv – mange ligg rundt 100 ord, og dei lengste er 150-170 ord. Den kortaste teksten er på 25 ord. Feilprosenten (tal på feilskrivningar delt på tal på ord i tekst) varierer frå 0 til 8,3. Det er tre studentar som skriv heilt feilfritt, dei høyrer alle til i N-gruppa.

I tabellen ovanfor er alle feila studentane har gjort, tekne med. Det går tydeleg fram av tabellen at nokre feiltypar er meir frekvente enn andre. Dette gjeld særleg verbbøying – her blir det gjort feil både i infinitiv, presens, preteritum og perfektum. Dette blei også kommentert i utfyllingsoppgåva, så det ser ut til at friskrivingsoppgåva stadfestar at verbbøying er eit typisk problemområde.

Ein annan stor feilkategori er feil bruk av kjønn (hankjønn/hokjønn)– dette kjem fram både gjennom feil bøying av hankjønnsord/hokjønnsord og gjennom feil bruk av ubestemt artikkel. Vi kan vel rekne med at studentar med bergensbakgrunn står for ein god del av feila i desse to kategoriane. Bortsett frå denne typen feil, er det få feil knytt til substantivbøying. Nokså underleg, kanskje, når ein tenkjer på dei feila som blei gjort i utfyllingsoppgåva på dette området.

Ein tredje kategori som er stor nok til å få ein eigen kommentar, er kategorien for bokmålsord. Det finst til saman 6 eksempel på ord og skrivemåtar som ikkje er lovlege innanfor nynorsknormalen i tekstane. Det er ingen gjengangarar i denne kategorien, dei representerer eit tverrsnitt av vanlege ”bokmålsfeil”.

Dei to siste kategoriane er det heller ikkje så lett å seie noko felles om. Kategorien adjektiv/partisipp inneheld to nokså uvanlege måtar å bøye adjektiv/partisipp på – noko som vitnar om ustø språkføring. Kategorien ”Anna” inneheld ei oppsamling av feiltypar som ikkje er så lette å kategorisere. Det finst her eitt einaste eksempel på ein feil som pleier å vere ein gjengangar i studentoppgåver – feil bruk av forma *nokon*.

Det som kanskje likevel er det mest slående med friskrivingsoppgåva, er at studentane skriv såpass godt som dei gjer. Dei har jamt over få feil, og dei meistarar jamt over både substantivbøying, adjektiv- og adverbøying, pronomenumbruk og ordval. Også samsvarbøyinga ser ut til å gå greitt, sjølv om mange nok styrer unna dei mest kompliserte konstruksjonane når dei skriv fritt. Det største problemområdet er som sagt verbøying.

5.3 Elevtekstoppgåva

5.3.1 Presentasjon av oppgåva

I elevtekstoppgåva blei studentane presenterte for ein elevtekst, skriven av ein elev på ein nynorskskole. Dei blei bedne om å streke under dei nynorskfeila dei meinte eleven hadde gjort, og om å føre på det dei meinte kunne vere dei korrekte formene. Dei blei òg bedne om å kome med ei vurdering av nynorskkompetansen til eleven. Elevteksten er presentert nedanfor. I denne versjonen er alle formene som ikkje er innanfor nynorsknormalen streka under.

Glade jul midt på sommeren (Gut, 4. trinn)

Det var ein gut og ein jente som spelte fotball. Så datt ballen på sjøen. Dei ville ha ein ny ball. Dei kunne spele blokkfløyte. Det var lenge sidan dei hadde spelt så dei kunne bare huske Glade jul. Det var midt på sommaren. Så det var litt rart og spele ein julesang. Men dei tok med blokkfløytene ned til ferga. Der såg faren dei. Han sa vis eg høyrer ein lyd så får dere sitje på. Vi skal til byen sa dei. Vi skal tjene pengar. Dei satt seg på ein benk og spelte. Då spelte det tre gongar utan å få pengar. Så spelte dei det ein fjerde gong, så fekk dei pengar. Når dei trudde dei hadde nok gjekk dei til butikken. Dei manglet 26.50 kr. Dei gjekk ut og spelte. Midt i songen kom butikkmannen ut, han sa dere får ikkje spele utanfor min butikk. Dei begynte og spele igjen mannen kom ut igjen og sa dere skal få ballen bare dere ikkje spelar. Dei fekk ballen og gjekk heim.

Denne elevteksten kan sjølvstendig vurderast på mange nivå, men instruksjonen til studentane var altså at dei skal sjå etter ”nynorskfeil”. I denne samanhengen vil det stort sett seie feil i bøyingsverket. Dei har fått to poeng for alle feil dei har oppdaga og korrigert, og tilsvarande er dei blitt trekte to poeng for rettingar som ikkje er korrekte. Dei ikkje-korrekte rettingane er av to typar; for det første rettingar frå ei lovleg form (sideform eller hovudform) til ei anna lovleg form (sideform eller hovudform), for det andre rettingar frå ei form (lovleg eller ulovleg) til ei form som ligg utanfor nynorsknormalen. Mange studentar har òg retta andre feil i teksten, som t.d. og /å-feil – denne typen rettingar er ikkje tekne med i vurderinga.

5.3.2 Kva for korrigeringar gjer studentane?

På denne oppgåva er det nokså store skilnader mellom dei tre studentgruppene, og svara deira vil difor først bli kommenterte kvar for seg. Til slutt vil resultatet i dei tre studentgruppene bli samanlikna.

Korrekte korrigeringar frå N-studentane (8)	Inkorrekte korrigeringar frå N-studentane (korrigeringar utanfor normalen i raudt)
manglet>mangla IIIIII=7	bare>berre IIIIII=7
Ein jente>ei jente IIIIII=6	sommaren>Somaren / sumaren III=3
huske>hugse IIIII=5	e-inf>a-inf III=3
Vis>viss IIIII=5	sat >satte/sat II=2
dere>de IIIII=5	penger/pengar>peng I
tjene>tene IIIII=5	begynte > byrja I
penger>pengar IIIII=5	høyrer>høyre I
sang>song IIIII=5	vis>visst I
ferga>ferja I	dere>dykk I
sommeren>sommaren I	datt>trilla I
satte>sette I	vi>me I
	gongar>gonger I
Til saman 46, , i snitt 5,8 korrigeringar per student	Til saman 23, i snitt 2,9 korrigeringar per student⁹

Tabell 3 Korrekte og inkorrekte rettingar hos N-studentane

Tabellen ovanfor viser kva for rettingar N-studentane har gjort. Eit viktig særmerke for N-gruppa er at dei rettar mykje. Dei gjer i snitt 8,7 rettingar (korrekte eller inkorrekte) i teksten. Dei gjer mange korrekte rettingar i elevteksten, men òg ein del ikkje-korrekte rettingar. 7 av 8 N-studentar rettar forma *manglet* til *mangla*. 6 av 8 rettar ubestemt artikkel *ein* til *ei* framfor hokjønnsord, og 5 av 8 rettar formene *huske*, *vis*, *dere*, *tene* og *penger* til korrekte nynorskformer.

Dei fleste inkorrekte rettingane er av typen der begge formene er innanfor nynorsknormalen. Studentane har ein tendens til å rette i retning av meir konservative former, også der eleven i utgangspunktet brukar hovudformer. Dei rettar slik ikkje berre *bare* til *berre*, men også *sommaren* til *sumaren*, *begynte* til *byrja* og *vi* til *me*. 6 av dei 23 rettingane er av den meir alvorlege typen – der studentane har foreslått eit alternativ som ligg utanfor nynorsknormalen.

Korrekte korrigeringar frå BN-studentane (6)	Inkorrekte korrigeringar frå BN-studentane (korrigeringar utanfor normalen i raudt)
manglet>mangla IIIII=5	bare>berre IIII=4
penger>pengar IIIII =5	dere>dykk IIII=4
Ein jente>ei jente IIIII=4	e-inf>a-inf II=2
huske>hugse IIIII=4	sommaren>somaren/sumaren II=2
Vis>viss IIIII=4	høyrer>høyrrar I
sang>song II=2	fløytene>fløytane I
dere>de I	
satte>sette I	
Totalt 26 korrigeringar, i snitt 4,3 per student	Til saman 14, i snitt 2,3 per student¹⁰

Tabell 4 Korrekte og inkorrekte rettingar hos BN-studentane

⁹ 17 av rettingane er innanfor nynorsknormalen, 6 er rettingar frå nynorsk til noko anna.

¹⁰ 8 av rettingane er innanfor nynorsknormalen, 6 er rettingar frå nynorsk til noko anna.

BN-studentane rettar i mindre grad enn N-studentane. Dei gjer i snitt 6,6 rettingar (korrekte eller inkorrekte), mens N-studentane altså gjorde 8,7 rettingar i snitt. N-studentane gjer fleire både korrekte og inkorrekte rettingar enn BN-studentane, men BN-studentane har fleire inkorrekte rettingar av den mest alvorlege typen (alternativt forslag utanfor normalen). 6 av dei 14 inkorrekte rettingane er av denne typen. Den mest utbreidde feilen er rettinga av pronomenet *dere* (subjektform) til *dykk*. Denne feilen blir gjort av 4 av dei 6 studentane, mens berre ein av dei 8 studentane i N-gruppa gjer den same feilen. Når det gjeld dei korrekte rettingane, er det mykje dei same formene som blir retta av flest i både N-gruppa og BN-gruppa, men det er færre i BN-gruppa som rettar forma *dere*, og ingen som rettar forma *tjene*.

Korrekte korrigeringar frå B-studentane (6)	Inkorrekte korrigeringar frå B-studentane (korrigeringar utanfor normalen i raudt)
Ein jente>ei jente IIIII=6	bare>berre IIII=4
manglet>mangla III=3	begynte>byrja II=2
huske>hugse III=3	dere>dykk II=2
Vis>viss III=3	ein gong> ei gong II=2
penger>pengar III=3	høyrrer>høyrrar I
sang>song II=2	sommaren>sumaren I
tjene>tene II=2	jente>jenta (ubf) I
dere>de I	igjen>att I
ferga>*fergja I	
Til saman 24 korrigeringar, i snitt 4 per student	Til saman 14 korrigeringar, i snitt 2,3 per student¹¹

Tabell 5 Korrekte og inkorrekte rettingar hos B-studentane

BN-gruppa og B-gruppa liknar mykje på kvarandre. B-gruppa gjer endå færre korrigeringar enn BN-gruppa, i snitt 6,3 rettingar per student (korrekte og inkorrekte). Ein av studentane i denne gruppa gjer ingen rettingar og kommenterer sjølv: ”Jeg klarer ikke å finne noen feil, det sier nok mer om min kompetanse enn om elevens.” B-studentane gjer like mange inkorrekte korrigeringar som BN-studentane (i snitt 2,3), og 5 av dei 14 inkorrekte korrigeringane er av den mest alvorlege typen (alternativt forslag utanfor normalen). Også i denne gruppa er det dei same formene som går igjen i kategorien for korrekte rettingar.

For å summere opp: N-studentane gjer flest rettingar, både korrekte og inkorrekte. I kategorien for inkorrekte rettingar viser det seg likevel at dei stort sett gjer rettingar av den minst alvorlege typen – der dei held seg innanfor nynorsknormalen. BN-studentane og B-studentane gjer færre rettingar, og i kategorien for inkorrekte rettingar gjer dei fleire rettingar av den mest alvorlege typen, der dei foreslår eit alternativ for eleven som ligg utanfor nynorsknormalen. Det ser altså ut til at N-studentane er meir kompetente rettarar. Deira store forbettringspotensiale ligg i å bli meir kjende med valfridomen i nynorsknormalen, slik at dei let eleven få bruke former som faktisk er lovlege.

¹¹ 9 av rettingane er innanfor nynorsknormalen, 5 er rettingar frå nynorsk til noko anna.

5.4 Samanheng mellom meistringsgrad i dei tre oppgåvetypene (høgt skår i utfyllingsoppgåva = høgt skår i elevtekst osv?)

I alle dei tre oppgåvene ovanfor – utfyllingsoppgåva, friskrivingsoppgåva og elevtekstoppgåva – har studentane fått poeng avhengig av kor mykje dei har fått til. Utrekningsmåten har naturleg nok vore ulik i dei tre oppgåvene. I utfyllingsoppgåva har studentane fått eitt poeng for kvar korrekt utfylling, maksimalt 22 poeng. I friskrivingsoppgåva er feilprosenten rekna ut ved å telje opp kor mange ord det er i teksten og kor mange feilskrivingar det er. Feilprosenten er så i neste omgang konvertert til poeng, med 12 poeng som maksimal utteljing.¹² I elevtekstoppgåva har studentane fått 2 poeng per feil dei har korrigerert, og mista 2 poeng for kvar feilkorrigering. For fullstendig gjennomgang av utrekningsystemet i alle tre oppgåvene, sjå vedlegg 8.

Dette systemet gir altså ei oversikt over kor godt studentane skårar på kvar av oppgåvene. Dette oversynet kan vera grunnlag for ei drøfting av fleire interessante spørsmål. For det første: Kva for oppgåve har dei fleste gjort det best på, og kva var den vanskelegaste oppgåva? For det andre: Er det slik at studentar som gjer det bra på ei av oppgåvene vanlegvis også gjer det bra på dei to andre oppgåvene, eller finst det ikkje nokon slik samanheng? Og for det tredje: Kva kan vi seie om skilnadene mellom N-studentane, BN-studentane og B-studentane ut frå desse tabellane?

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
N1 ¹³	17	10	12	39
N2	14	12	4	30
N3	18	12	4	34
N4	14	12	12	38
N5	13	8	8	29
N6	13	8	4	25
N7	17	10	-4	23
N8	13	12	14	39
Snitt	14,9	10,5	6,8	32,1

Tabell 6 Oversyn over poengskår hos N-studentane

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
BN1	13	12	4	29
BN2	13	12	0	25
BN3	12	10	10	32
BN4	15	10	6	31
BN5	15	10	4	29
BN6	11	8	0	19
Snitt	13,2	10,3	4	27,5

Tabell 7 Oversyn over poengskår hos BN-studentane

¹² 0-2% feil = 12 poeng, 2-4% feil= 10 poeng, 4-6% feil=8 poeng, 6-8% og meir feil=6p, 8-10% =4p, 10-12%=2p, 13%<=0p

¹³ Denne informanten har konvertert frå bokmål til nynorsk som hovudmål.

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
B1	16	12	8	36
B2	13	10	2	25
B5	13	4	2	19
B6	14	8	-2	20
B7	14	12	8	34
B8	14	8	2	24
Snitt	14	9	3,3	26,3

Tabell 8 Oversyn over poengskår hos B-studentane

5.4.1 Den lettaste og den vanskelegaste oppgåva

På utfyllingsoppgåva er mogeleg maksimalskår 22 poeng, mens studentane skårar mellom 18 og 11 poeng. Gjennomsnittet i heile gruppa er 14,1 poeng.

På friskrivingsoppgåva skriv tre av studentane heilt feilfritt, dei andre har ein feilprosent som varierer frå 1 % til 8,3 % (sjå vedlegg 7). I snitt får studentane 10 poeng av 12 moglege ut frå systemet som konverterer prosent til poeng.

På elevtekstoppgåva er spriket svært stort mellom dei ulike studentane. Nokre får ein høg poengsum, andre får ein svært låg poengsum. Maksimal skår på denne oppgåva er ca. 20 poeng, den beste studentane har oppnådd 14 poeng, og den dårlegaste har fått 4 minuspoeng. Snittet i gruppa er på 4 poeng.

Det ser altså ut som om studentane best meistrar friskrivingsoppgåva, der dei får skrive fritt og på eiga hand. Utfyllingsoppgåva er vanskelegare. Det kan vera fleire grunnar til dette. For det første er det sjølvsagt mogeleg å styre unna formuleringar som ein er usikker på når ein skriv teksten som ein sjølv vil, i ei utfyllingsoppgåve har ein ikkje den moglegheita. For det andre krev utfyllingsoppgåva eit meir utvikla språkleg medvit. I ein friskrivings situasjon skriv ein gjerne slik det fell seg naturleg, utan kanskje å tenkje så mykje over formene ein vel, mens ein i utfyllingsoppgåva kanskje blir tvinga til å tenkje i bøyingsmønster for å kome fram til korrekt form.

Elevtekstoppgåva ser ut til å vere den vanskelegaste av dei tre oppgåvene. Det store spriket og det generelt svake resultatet på denne oppgåva har å gjere med at studentane er blitt trekte for "feilkorrigeringsar". I ein del tilfelle foreslår studentane alternative former som ligg utanfor nynorsknormalen og får trekk for dette, men dei har òg fått trekk for "rettingar" frå ei lovleg form til ei anna lovleg form innanfor nynorsknormalen. For å skåre høgt på denne oppgåva må studentane altså ha ein tilleggskompetanse samanlikna med dei to første oppgåvene: Det held ikkje berre å kjenne til éi lovleg bøyning av ordet dei skal vurdere, dei må i tillegg kjenne til kva for andre bøyingsalternativ som er lovlege. Poengsummen speglar altså i kor stor grad studentane kjenner valfridomen i nynorsknormalen, noko som er ein viktig kompetanse for ein norsklærar.

5.4.2 Frå gruppe til enkeltindivid – frå klare mønster til store sprik

Når vi ser gruppa under eitt, ser vi altså klare mønster i kva for oppgåve som er lettast og kva for oppgåve som er mest utfordrande. På individnivå er biletet annleis, her er det store variasjonar frå student til student. For å ta nokre eksempel frå N-gruppa: N1 er eit døme på ein som jamt over skårar høgt. Han er ein av dei beste på utfyllingsoppgåva med 17 poeng, han får 10 poeng på friskrivingsoppgåva, og 12 poeng på elevtekstoppgåva. Hans skåringsmønster er likevel meir unnataket enn regelen. Vi kan t.d. sjå på student N7: Også han skårar høgt på utfyllingsoppgåva med 17 poeng, han får også 10 poeng på friskrivingsoppgåva, men på elevtekstoppgåva får han fire minuspoeng. Grunnen til den låge poengsummen på denne oppgåva, er at studenten rettar korrekte former hos eleven til andre og meir konservative former innanfor nynorsknormalen. Student N8, derimot, viser eit heilt anna mønster. Han skårar svakt på utfyllingsoppgåva med berre 13 poeng, men han har ikkje ein einaste feil i friskrivingsoppgåva. Han er den studenten som klarar seg aller best på elevtekstoppgåva, med 14 poeng. På individnivå er det altså ikkje slik at ein student som gjer det godt på elevtekstoppgåva automatisk klarer seg bra på utfyllingsoppgåva, og skriv feilfritt på friskrivingsoppgåva.

5.4.3 Skilnadene mellom N-studentane, BN-studentane og B-studentane

Kva kan vi så seie om skilnadene mellom N-studentane, BN-studentane og B-studentane ut frå desse tabellane? I heile tabelloversynet er det ein klar tendens til at nynorskstudentane gjer det best. Dei skårar høgast på alle dei tre deloppgåvene, og får dermed òg i snitt ein totalpoengsum som ligg langt over dei to andre gruppene. Når alle poengsummane er lagt saman får N-gruppa 32,1 poeng i snitt, BN-gruppa får 27,5 poeng, og B-gruppa får 26,3 poeng.

Forskjellen mellom BN-gruppa og B-gruppa er mindre. På utfyllingsoppgåva er det faktisk B-gruppa som gjer det best, mens BN-studentane klarer seg litt betre på friskrivingsoppgåva og på elevtekstvurderinga. Skilnadene her er ikkje store, så det gir kanskje ikkje særleg meining å spekulere i årsaker, men ein kan jo lure på om B-gruppa, som kanskje har hatt meir eksplisitt opplæring i sidemål på skolen, er meir vane med utfyllingsoppgåveformatet enn BN-studentane. I BN-gruppa er det berre ein av studentane som har hatt nynorsk på ungdomsskolen, der kanskje mesteparten av den formelle treninga på sidemålet skjer.

5.5 Korleis oppfattar studentane sin eigen kompetanse?

Korleis er samanhengen mellom det studentane presterer og deira eiga vurdering av eigen nynorskkompetanse? I spørjeskjemaet var eigenvurderinga plassert i forkant av språkestoppgåvene. Dersom studentane har fylt ut skjemaet kronologisk, har dei altså svart på dette spørsmålet før dei begynte på sjølve språkstesten.

Inf.nr.	Total poengsum	Eigenvurdering
N1 ¹⁴	39	Flink til å vere relativt nykonvertert
N8	39	Ja, det gjer eg. Har alltid skrive på nynorsk.

¹⁴ Denne informanten har konvertert frå bokmål til nynorsk som hovudmål.

N4	38	Eg føler meg nokså flink, men i forhold til at eg har skrive / snakka nynorsk, burde eg vore flinkare.
B1	36	Nei, ikkje særskild
N3	34	Eg oppfattar meg sjølv som flink i nynorsk, sidan det har vore hovudmålet mitt i alle skuleår.
B7	34	Eg oppfattar meg sjølv som over gjennomsnittet i nynorsk (det er tross alt sidemålet mitt)
BN3	32	Eg oppfattar meg sjølv som heilt OK i nynorsk
BN4	31	OK
N2	30	Ja, eg føler at eg skriv heilt OK på nynorsk
N5	29	Ja
BN1	29	Sånn passe
BN5	29	Ja, eg har alltid hatt god karakter, men er usikker på bøyning av nokre ord.
N6	25	Nei, ikkje særskilt flink
BN2	25	Eg oppfattar meg som brukbar i nynorsk
B2	25	På ingen måte
B8	24	Nei, eg er ikkje flink i nynorsk. Eg vel feil ord (ordforråd) og bøyar feil.
N7	23	I og med at nynorsk er hovudmålet mitt meiner eg at eg beherskar dette bra.
B6	20	Nei, synes jeg er helt OK
BN6	19	Eg bruker nesten bare bokmål, men jeg kan en del nynorsk.
B5	19	Eg oppfattar meg som heilt middels

Tabell 9 Samanheng mellom poengskår og eiga kompetansevurdering

I tabellen ovanfor er studentane rangert etter kor høg poengsum dei har oppnådd totalt etter å ha gjennomført dei tre deloppgåvene. Radene har vidare fått farge med utgangspunkt i i ei enkel tredeling av eigenvurderingane i kategoriane ”Flink” (lys blå), ”OK” (mellomblå) og ”Ikkje flink” (mørk blå).¹⁵ Ut frå dette systemet ser vi at det er nokså stor samanheng mellom eigenvurdering og korleis studentane skårar i oppgåvene. Fem av dei seks studentane som ut frå eigenvurderinga er plasserte i kategorien ”flink”, er mellom dei seks som skårar best totalt. Den siste som sjølv kategoriserer seg som ”flink” skårar meir midt på treet. Når det gjeld dei fire som sjølv plasserer seg i kategorien ”ikkje flink”, har tre av dei oppnådd ein poengsum som er midt på treet. Den fjerde har ein høg poengsum, og må nok reknast som nokså sjølvkritisk. Dei i mellomkategorien, som har kategorisert seg som ”brukbar”, ”OK”, ”middels flink” eller liknande, finn vi frå midten og ned i tabellen. Dei fire som har oppnådd lågast poengsum, oppgir alle at dei er middels flinke i nynorsk.

5.6 Kva kan språktestoppgåvene fortelja oss? Ei oppsummering.

5.6.1 Verb som utfordring

Både i utfyllingsoppgåva og i friskrivingsoppgåva framhevar *verb* seg som ein ordklasse som studentane strevar spesielt mykje med. Dette gjeld alle bøyingsformer. I infinitiv handlar det stort sett om inkonsekvent bruk av *a*-infinitiv og *e*-infinitiv, i tillegg til bruk av apokoperte former. I presens er det bøyningane *-ar* og *-er* som blir forveksla, og i preteritum handlar det òg i stor grad om manglande kunnskap om bøyingsystemet for *a*-verb og *e*-verb. Også sterke verb byr på problem, både i presens og preteritum. I perfektum er det særleg dei sterke verba som er problematiske. Det ser altså ut til at verbbøyning er eit emne som bør vektleggjast spesielt i nynorskundervisninga.

¹⁵ Denne kategoriseringa er laga i etterkant, ut frå informantane sine frie svar. Skjemaet inneheld ikkje svaralternativ av denne typen.

5.6.2 Vanskegrad i ulike typer oppgåver

Studentane har i denne undersøkinga svart på tre ulike typar oppgåver. Det har vist seg, som drøfta ovanfor, at dei ulike oppgåvetypane har ulik vanskegrad. Friskriving er det lettaste, utfyllingsoppgåver er vanskelegare, og det vanskelegaste er retting av elevtekstar, der ein treng kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen. Dette er viktig kunnskap, fordi det fortel oss at måten vi spør på, bestemmer kva for svar vi får. Når vi skal teste språkleg kompetanse, er det dermed viktig å ha klart for seg kva for type kompetanse det er vi ønskjer å teste.

5.6.3 Manglande kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen

Elevtekstanalyse-oppgåva var interessant på fleire måtar. For det første viste ho kanskje tydelegast av alle oppgåvene at nynorskstudentane har ein kompetanse som dei andre studentane ikkje har. Dei klarer, i langt større grad enn dei andre studentane, å finne feila i elevteksten. På den andre sida viste også denne oppgåva nynorskstudentane si store utfordring - nemleg at dei har sviktande kunnskap om kva ein faktisk har lov til å skrive innanfor nynorsknormalen. Dei har kanskje kunnskap nok til å skrive nokolunde korrekt sjølve, og dei klarer å sjå kvar eleven bryt normalen, men dei har ikkje nok kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen til å tillate eleven å bruka former som dei sjølve ikkje ville nytte. Tendensen er at rettingane går i retning av eit meir konservativt språk. Dette viser oss at lærarstudentar ikkje berre treng å lære å skrive god nynorsk, for å bli gode nynorsklærarar treng dei òg kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen (sjølv sagt i tillegg til kunnskap om nynorsk fagdidaktikk).

5.6.4 Verdien av eigenvurderingar

I denne undersøkinga er studentane sine eigenvurderingar av nynorskkompetanse blitt kopla opp mot kor mange poeng dei har oppnådd i den vesle språktesten dei har vore gjennom. Det viser seg at studentane sine egne vurderingar til ein viss grad stemmer med funna i språktesten. Det er likevel, naturleg nok, ikkje eit totalt samanfall mellom eigenvurdering og poengskår. Dei som skårar best, har kanskje òg størst samanfall mellom eigenvurdering og poengskår, mens dei som skårar dårlegast kanskje har litt for stor tru på egne ferdigheiter. Dette kan vera nyttig kunnskap inn i prosjektet som denne språktesten er ein del av, sidan tidlegare spørjeundersøkingar stort sett har basert seg på eigenvurderingar av nynorskkompetanse.

6 Refleksjon over kompetansemål for nynorsk i lærarpraksis

Som nemnd i kap 1.1 har eitt av formåla med samarbeidet med øvingslærarane vore å drøfte mål og rettleiingsstrategiar for nynorskkompetanse i lærarpraksis. Lærarane som deltok i arbeids- og referansegruppa har lang erfaring i å vere praksisrettleiarar på nynorskskolar og har derfor solid bakgrunn for å bidra i ei slik drøfting. Berge og Eliassen utarbeidde notatet

”Erfart og tenkt om studentars nynorskkompetanse i lærarpraksis” (vedlegg 4). Dette dokumentet og prosjektleiar Bjørlos notat ”Råd for nynorsk i lærarpraksis” (vedlegg 3) har vore grunnlagsdokument for utprøving og drøfting av kompetansemål for nynorsk i lærarpraksis. Refleksjonane nedanfor byggjer dels på drøftingar av desse dokumenta i nettverksgruppene, dels på kompetansemål i planverka for grunnskolen og lærarutdanninga og dels på datamaterialet frå inneverande prosjekt.

6.1 Krav til korrekt språk

Rammeplanen for lærarutdanninga har eit eintydig toskriftspråkleg kompetansemål; ein ferdig utdanna lærar skal ha kompetanse i skriftleg bokmål og nynorsk på same nivå. I ein skolekvardag vil kravet til korrekt nynorsk språkbruk måtte konkretiserast i mange ulike skriftpraksisar. Det betyr at ein må kunne forvente *korrekt språk* i alle skriv og tekstar som skal heim til foreldre eller brukast i undervisninga, og elevane bør kunne møte korrekt språk både på tavla og i andre presentasjonssjangrar som powerpoint, lysark og liknande. Dette er kompetansekrav og så lærarstudentar må strekkje seg etter. Datamaterialet i studien vår viser tydeleg at mange studentar synest det er særleg krevjande å skrive korrekt nynorsk på tavla, men også at dei kjende seg sikrere etter kvart.

6.2 Norskdidaktikk – ein møtestad mellom språkkunnskap og tekstkunnskap

Kompetansemål for lærarpraksis må sjølvsagt også romme didaktiske perspektiv. Ein viktig del av lærarrolla er å *retteleie elevane i språkleg utvikling*. Denne typen rettleiingskompetanse treng studentar tid på å utvikle, eit aspekt som også blei tydeleg da studentane våre vurderte elevtekstar, jf kap 5.3. Her kom det fram at elevtekstvurdering var den mest krevjande av dei tre språkestoppgåvene, særleg var manglande kunnskap om sideformer og jamstilte former tydeleg i møtet med tekstkorrigering. Lærarpraksis i nynorskklassar kan gi rom for trening i å vurdere elevtekstar skrivne på nynorsk og dessutan praksis i å rettleie elevar i skriveprosessar. Ei slik praksiserfaring vil kunne styrkje ein språkdidaktisk refleksjon. Det er denne studentresponsten er eit døme på:

I starten på praksis tenkte eg ikkje så mykje over rettskriving på tavla eller rettleiing av elevar som for eksempel hadde skrive bokmålsord i staden for nynorsk. Etter kvart forsto eg meir mi lærarrolle som ein god nynorsk rollemodell. Klart elevane ikkje orka å vere oppmerksame på rettskriving når ikkje studentane var så nøye. (BN2)

Didaktisk kunnskap handlar også om å kunne rettleie elevar i å skrive og lese tekstar innanfor mange sjangrar, fagtradisjonar og skrivemåtar. Læraren treng derfor god tekstkompetanse og innsikt i *eit breitt tekstutval på nynorsk*, eit felt som naturleg bør inngå i kompetansemål for lærarpraksis, jf kap 4.3. I eit didaktisk perspektiv blir altså møtestadene mellom språkkunnskap og tekstkunnskap tydelege.

6.3 Kompetansehevande arbeidsmåtar

Utvikling av nynorskkompetanse i lærarpraksis er også knytt til aktiv bruk av nyttige hjelpemiddel som ordbøker, retteprogram på datamaskin og mini-grammatikkar. Å dra nytte

av respons frå øvingslærarar og medstudentar er ein annan læringsfaktor. Å førebu høgtlesing og tavleskriving ein tredje og samarbeide og kvalitetssikre kvarandre i studentgruppa ein fjerde. I kompetansemål for lærarpraksis i nynorskklassar vil det derfor vere naturleg å inkludere nyttige arbeidsmåtar for å utvikle nynorskkunnskapen.

I lærarpraksis har studentane plikt til å skrive og levere planar for undervisningstimar til øvingslæraren. Erfaring frå praksisbesøk på mange nynorskskolar i fase I av prosjektet viste at fleire øvingslærarar ikkje stilte krav om at planskjema skulle skrivast på nynorsk. Inneverande studieår fekk derfor studentane allereie før første praksisperiode, klare råd om å bruke nynorsk i alt skriftleg arbeid i lærarpraksisen (vedlegg 3). Tilbakemelding frå studentane viste at nettopp det å skrive nynorsk i alt praksisarbeid, bidro til å betre nynorskkunnskapane, særleg der dei fekk korrigeringshjelp av øvingslærarar eller medstudentar.

6.4 Øvingslærarrolla

Studien vår viser at lærarpraksis i nynorskklassar rommar eit stort potensial både for å endre holdningar og for å vidareutvikle nynorskkunnskapar. Men læringsutbyttet i praksisfeltet er sjølvstøtt avhengig av at øvingslærarar tydeleggjer kompetansemål og motiverer studentane til aktiv nynorskbruk. Studentane har ofte svært ulikt startgrunnlag, noko som fordrar at rettleiinga blir tilpassa nivået til kvar enkelt student og gir rom for ei gradvis utvikling av nynorskkunnskapar. Berge og Eliassens notat legg dessutan vekt på verdien av å skape eit raust læringsklima og ”minna om at alle gjer feil, og at vi må våga å rettleia, retta og bli retta på” (vedlegg 4).

6.5 Samvirke mellom fagstudium og praksiserfaringar

I norskfaget har studentane lese pensumtekstar og skrive fagoppgåver på nynorsk, og i tillegg har nynorskdidaktiske perspektiv vore integrerte i fagemna språkkunnskap og tekstkunnskap. I lærarpraksis har studentane teke nynorskkunnskapane aktivt i bruk som ein del av lærarrolla, og fleire studentar rapporterer om at nettopp dette samvirket mellom teori og praksis har hatt høg læringsverdi. Desse funna kan kanskje stimulere til ei viss nytenking omkring nynorskundervisning i lærarutdanninga, der undervisninga gjerne kan legitimerast tydelegare i og knytast tettare saman med ei yrkesprofesjonell rolle (jf sluttrapport fase I, august 2009, kap 8).

6.6 Geografi og nynorsklæring

Dersom vi samaliknar målbakgrunnen til studentane ved dei to største lærarutdanningsinstitusjonane i landet vårt, finn vi ein markant forskjell. Synnøve Skjong peikar på at nynorsklæringa ved Høgskolen i Oslo står i ein ”urban” kontekst (2009:2), fordi dei fleste studentane kjem frå hovudstaden eller distrikta nær. I 2005 hadde berre 3,9 % av dei 280 studentane som begynte lærarutdanninga dette året, nynorsk som hovudmål. Talet har vore representativt også for dei seinare årskulla, seier Skjong. Ho konkluderer med at fordelinga ”gir eit bilete av læringskonteksten for nynorsk i Oslo, og kanskje også for lærarutdanning i bymiljø generelt.” (2009:2)

Tala frå Høgskolen i Bergen viser at denne utsegna må nyanserast noko. Her er nynorskprosenten mykje høgare, både i 2008 og i 2009 hadde om lag 25 % av dei som begynte, nynorsk som hovudmål¹⁶. Ei viktig årsak er nok at mange av dei kjem frå nynorskkommunar på Vestlandet. Erfaringar frå prosjektet vårt viser som nemnd ovanfor at studentane innad i praksisgruppene hjelpte kvarandre med å kvalitetssikre nynorsken, og nynorskbrukarane blei ein viktig læringsressurs for bokmålsbrukarane. Studentgrupper med variert målbakgrunn kan såleis bidra til å skape "språkvennlege miljø"¹⁷ som kan vere gunstig for språklæringa.

7 Konklusjonar

I dette kapitlet vil vi oppsummere kva innsikter forskings- og utviklingsprosjektet *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar* gjennom to år har gitt om lærarstudentars holdningar til og kompetanse i nynorsk. Det grunnleggjande spørsmålet har vore i kva grad erfaringar med lærarpraksis i nynorskklassar har utvikla den skriftlege og didaktiske nynorskkompetansen. Hovudfunna vil vi drøfte i eit lærarutdanningsperspektiv.

7.1 Lærarpraksis i nynorskklasse: frå skepsis til engasjement

Resultata frå spørjegranskingane viser at meir enn halvparten av informantane har skifta meining om å undervise i nynorskklassar. I det første prosjektåret (fase I, 2008/2009) uttrykte tre firedelar av informantane i forkant av praksisperiodane skepsis til å ha lærarpraksis i nynorskklasse (Bjørlo og Rønning 2009), mens om lag halvparten¹⁸ var negative i det siste (2009/2010). Etter at praksisperiodane var avslutta, meiner *alle* informantane både i fase I og II at det har vore ei nyttig og positiv erfaring å bruke nynorsk i lærarpraksis, altså inkludert dei som i utgangspunktet hevdar å vere lite flinke og lite interesserte i nynorsk. Eit stort fleirtal (ca 80 % begge åra) svarer dessutan at dei kan tenkje seg å arbeide på ein nynorskskule i framtida.

7.2 "Før hadde eg ikkje peiling, men no går det mykje betre"

Vi ser det som eit interessant funn i studien at bokmålsbrukarar som karakteriserer seg sjølve som lite eller middels flinke i nynorsk, har fått auka språkleg sjølvtilitt gjennom praksiserfaringa. Sitatet¹⁹ i overskrifta ovanfor er representativt for kva andre i denne gruppa

¹⁶ I 2008 hadde 25, 6% (75 av 293) nynorsk som hovudmål da dei starta allmennlærerutdanninga. I 2009 var talet 24, 9% (84 av 337).

¹⁷ Uttrykket er henta frå læreboka *Nynorsk på nytt* (2009) der Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter presenterer ein didaktisk refleksjon med utgangspunkt i nyare forskning, forsøk og tiltak knytte til nynorsk som sidemål. Dei viser her blant anna til nyare EU-rapportar, der samfunn som praktiserer fleirspråklegheit blir karakterisert som 'språkvennlege miljø'. Rapportane framhevar tospråklege samfunn som særleg gode laboratorium for språklæring.

¹⁸ Spørsmål stilt i granskingar både i fase I og fase II: Ville du valt å ha praksis i bokmålsklasse dersom du sjølv kunne bestemme? Svar fase I: Ja: 19 av 26, i fase II: Ja: 9 av 17.

¹⁹ B6 i spørjegransking II i fase II seier det slik: "Eg har berre positive erfaringar frå praksisperioda på ei nynorskskule. Eg vil sei at eg har forbetra meg i å skrive nynorsk, før hadde eg ikkje peiling, men no går det

rapporterer, nemleg at allsidig nynorskbruk i lærarpraksis har gitt større grad av språkleg meistring. Også dei som karakteriserer seg som flinke, meiner at det har vore nyttig og lærerikt å bruke nynorsk i lærarpraksis.

Nynorskbrukarane gir uttrykk for å setje pris på å få praktisere hovudmålet sitt i undervisningssamanheng, og fleire av dei som tidlegare har hatt nynorsk som hovudmål, seier det har vore fint å gjenoppta nynorskskrivinga.

Trass i at informantane melder om betring av skriftleg nynorskkompetanse, er det berre 30 % som etter den siste praksisperioden (våren 2010) karakteriserer seg som 'flink' i nynorsk. 50 % vurderer kompetansen sin som 'OK', og 20 % oppgir 'ikkje flink' som nivå.²⁰ Dette kan seiast å vere låge nivå plasseringar sidan fleirtalet (14 av 20) har eller har hatt nynorsk som hovudmål. Jamføringa av informantane si eigenvurdering og skåringar i språktestoppgåvene (kap 5.5, tabell 9 og kap 5.6.4) viser at dei som skårar best, gjerne har størst samanfall mellom eigenvurdering og poengskår, mens dei som skårar dårlegast kanskje har litt for stor tru på egne ferdigheiter. Men både eigenvurderingane og funna i språktestane viser at fleirtalet av informantane manglar ein god del kunnskapar for å kunne framstå som trygge nynorsbrukarar i lærarrolla.

Språktestoppgåvene, som måler sluttkompetansen og derfor ikkje kan seie noko om korleis den enkelte student har utvikla kunnskapane sine gjennom lærarpraksis og -studium, viser likevel funn som er oppmuntrande sett i eit lærarkompetanseperspektiv. Tekstane knytt til friskrivingsoppgåva har jamt over bra språkleg kvalitet med få feil både i formverk, rettskriving og ordval. Her er det viktigaste funnet at studentane skriv såpass godt som dei gjer. Utfyllingsoppgåvene, som krev meir utvikla språkleg medvit, er vanskelegare. Den mest krevjande språktestoppgåva viste seg å vere retting av elevtekst. Der treng ein kunnskap om valfridomen i nynorsknormalen, og på dette området viste også nynorskbrukarane manglande oversikt. Den språklege nynorskkompetansen lærarstudentar skal utvikle, er altså mangfaldig og omfattar både evna til å skrive korrekt og god nynorsk, ha metaspråkleg kompetanse og kunnskap om valfrie former i nynorsknormalen.

Som kartleggingsarbeidet viser, kan lærarstudentar ha eit svært ulikt startgrunnlag med omsyn til nynorskkunnskapar. Dette er også øvingslærarane si erfaring. Men materialet frå spørjegranskingane viser at praksissituasjonen rommar eit stort potensial både for å endre holdningar og betre nynorskkunnskapane. Å bruke nynorsken i ei aktiv lærarrolle ser ut til å ha fungert forpliktande og motiverande både for studentane med nynorsk og dei med bokmål som hovudmål.

7.3 Didaktisk kompetanse

Materialet viser dessutan at nynorskbrukarane i større grad enn bokmålsbrukarane impliserer didaktiske refleksjonar når dei kommenterer praksiserfaringane. Bokmålsbrukarane synest mest opptekne av å betre eigenkompetansen i skriftleg nynorsk, mens nynorskbrukarane viser meir overskot til å sjå nynorsklærarrolla i ein vidare didaktisk samanheng (kap 4.1.2). Somme informantar i nynorskgruppa reflekterer over feiltypar dei ser i elevtekstar og over korleis dei

mykje betre. Men eg må framleis tenkje når eg skriv nynorsk og må slå opp i ordboka. Eg føler meg mykje meir førebudd til eksamen som er på nynorsk enn viss eg ikkje hadde vore på ein nynorsk skule."

²⁰ Flink:6, OK: 10, Ikkje flink: 4

best kan rettleie og korrigere elevar i språkleg utvikling, mens andre framhevar kunnskap om gode nynorskbøker for barn og unge og innsikt i metoden ”rettleia lesing”.

Dei fleste informantane, både bokmålsbrukarar og nynorskbukarar, viser i utsegnene sine interesse for å utvikle seg til gode språklege rollemodellar, blant anna ved å ta på alvor utfordringa med å skrive korrekt nynorsk på tavla. Behovet for å bli flinkare i skriftleg nynorsk ser derfor ut til å vere didaktisk motivert og knytt til ei tenking omkring lærarprofesjonen. Ein av informantane seier det slik: ”I starten på praksis tenkte eg ikkje så mykje over rettskriving på tavla eller rettleiing av elevar som for eksempel hadde skrive bokmålsord i staden for nynorsk. Etter kvart forsto eg meir mi lærarrolle som ein god nynorsk rollemodell”.²¹

I studien vår blir omgrepet nynorskdidaktikk knytt til både ein språkleg og ein litterær kompetanse. Den litterære profilen er i utviklingsarbeidet blitt synleggjort gjennom aktivitetar og oppgåver som skulle stimulere til å auke kunnskapen om nynorskbøker og andre nynorsktekstar for barn og unge. Spørjegranskingane viser at dei aller fleste studentane meiner det har vore nyttig å få utvida kunnskap om eit breitt nynorsk tekstrepertoar for barn. Men fleire melder at dei opplever det som vanskelegare å finne fram til god og allsidig barnelitteratur på nynorsk enn på bokmål. Slike erfaringar tydeleggjer eit behov for at lærestoff og undervisning i nynorskdidaktikk ikkje berre skal vere språkleg orientert, men bør omfatte kunnskap om nynorsk barnelitteratur og om kvalitetssikra nettstader med informasjon om både sakprosaetekstar og skjønnlitterære tekstar for barn og unge.

7.4 Nynorsk i lærarutdanninga

Kunnskapsløftet har definert lesing, skiving og munnleg kommunikasjon som grunnleggjande ferdigheiter i alle fag, og alle lærarar skal derfor kunne ha kompetanse til å vere skrive- og leselærarar både på bokmål og nynorsk. I *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærarutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn* heiter det under avsnittet Ferdigheter: ”Kandidaten [...] mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng [...]”

Planverket både for grunnskolen og lærarutdanningar gir dermed rammer som gir høgskolane eit stort ansvar for å integrere fagleg og didaktisk nynorskkompetanse i allmennlærarsstudiet. Lærarutdanningsreforma som blei sett i verk hausten 2010 aktualiserer behovet for å tydeleggjere krava til denne kompetansen. Norskfaget har eit særleg ansvar for å vektleggje tospråkleg norskkompetanse, men i den spesialiserte grunnskolelærarutdanninga er ikkje lenger norskfaget obligatorisk for studentar som vil spesialisere seg for trinn 5 – 10. Dette reiser spørsmål om korleis myndigheitene vil sikre at også faglærarar utan norsk i fagkretsen får kompetanse til å vere skrive- og leselærarar i alle fag, både på nynorsk og bokmål.

Prosjektet *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar* har vist at ein intensivt nynorskbruk over tid kan føre til at lærarstudentar kjenner seg som betre og meir positive nynynorskbukarar. Som nemnd i sluttrapporten frå prosjektåret 2008/2009 viser andre undersøkingar same tendens. Forskingsprosjektet ”Nynorsk i lærarutdanninga” ved Høgskolen i Oslo (Skjong og Vederhus 2005/2007 2008b) evaluerer læringseffekten av

²¹ Frå BN2 i spørjegransking II, april 2010

norskfagleg mappeskriving på nynorsk gjennom eit heilt studieår Studien viser at om lag halvparten av studentane blei meir positive til nynorsk gjennom å skrive mappetekstar med høve til respons og rettleiing, og om lag tre fjerdedelar meiner at prosessen med mappeskriving har gjort dei betre til å skrive nynorsk.

Vårt prosjekt har demonstrert at studentar som får ha lærarpraksis i nynorskklassar, meiner at dei blir meir dugande nynorskbrukarar når dei får bruke språket aktivt i ein yrkesprofesjonell og fagleg kontekst over tid. På denne bakgrunnen blir det ei utfordring at berre ein liten prosent av lærarstudentane i landet får høve til å ha praksis i nynorskklassar.

Samanhengen mellom holdningar og meistring er likevel kompleks. Betre meistring fører ikkje nødvendigvis eller automatisk til positive holdningar, og heller ikkje omvendt. Men vi har grunnlag for å seie at allsidig bruk av nynorsk i undervisningssamanheng motiverer studentane til å reflektere over og arbeide vidare med eigne ferdigheiter og didaktiske praksis. Slik får dei erfare at lærarrolla blir ein sentral arena for utvikling av språkleg handlingskompetanse.

Kjelder

- Askeland, Norunn og Cecilie Falck-Ytter. (2009). *Nynorsk på nytt*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Bjørlo, Berit og Morten Rønning. (2009). *Nynorsk i praksis: Lærarstudentar møter nynorskelevar. Sluttrapport*. Volda: Nynorsksenteret. Henta 5. august 2010 frå http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Nynorsk_i_praksis_sluttrapport_nov_09.pdf
- Lovdata 2010. *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn*. Henta 11. juli 2010 frå www.lovdata.no/for/sf/kd/td-20100301-0295-0.html
- Norsk barnebokinstitutt. (2008). *Statistikk over barne- og ungdomslitteratur i Norge 2008*. Henta 11. juli 2010 frå www.barnebokinstituttet.no/biblioteket/statistikk_for_barne_og_ungdomslitteratur#164_0
- Skjong, Synnøve og Inger Vederhus. (2005/2007). *Nynorsk i lærarutdanninga. 3 rapportar frå Høgskolen i Oslo*. (Rapportar frå FoU-prosjekt). Volda: Nynorsksenteret. Henta 5. august 2010 frå www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13298
- Skjong, Synnøve. (2009). ”Vi får presisert kva som er galt, og finn lettare system i feila vi gjer”. *Nynorsk(opp)læring og skrivemapper i lærarutdanninga*. Artikkel, Høgskolen i Oslo. Henta 05. august 2010 frå www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/SkjongArtikkel.pdf
- Utdanningsdirektoratet. (u.å.) *Læreplan for norsk [Kunnskapsløftet]*. Henta 11. juli 2010, frå www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=710976

Vedlegg

Vedlegg 1 Samtykkeerklæring

Prosjektet *Nynorsk i praksis*. 2009/2010
Prosjektleder: Berit W Bjørlo
Høgskolen i Bergen

Samtykkeerklæring

Eg samtykkjer i å delta i spørjegransking og kartlegging knytt til forskings- og utviklingsprosjektet *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar* (2009/2010). Svarene er anonyme, og svarene vil derfor ikkje kunne sporast tilbake til namngitte enkeltinformantar.

Signatur:

Vedlegg 2 Deltakarbevis



Høgskolen i Bergen
Avdeling for lærerutdanning

Deltakarbevis

har deltatt i

Nynorsk i praksis: Lærarstudentar møter nynorskelevar, 2009-2010

Prosjektet har hatt som formål å utvikle og kartleggje nynorskkompetanse. Deltakarane har hatt lærarpraksis i nynorskklasse og brukt nynorsk som undervisnings- og arbeidsspråk i praksisperiodane. Dei har i tillegg

- fått innføring i bruk av elektronisk nynorskordliste og andre nettbaserte læringsressursar
- fått orientering om nynorsklitteratur for barn og unge
- deltatt på seminar med forfattarbesøk og orientering om eit nynorskprosjekt på ein barneskole
- deltatt i kartleggingsarbeid

Prosjektomfang

- lærarpraksis i nynorskklasse: 7 veker
- kurs, seminar, kartlegging: 10 timar

Landås 5. mai 2010

Berit Westergaard Bjørlo
prosjektleder

Vedlegg 3 Råd for nynorsk i lærarpraksis

Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar
Fou-prosjekt ved Høgskolen i Bergen 2009/2009

Råd for nynorskbruk i lærarpraksis

- Bokmerk og bruk den digitale versjonen av *Nynorskordboka* i nettlesaren din
- Ha ei hendig ordliste tilgjengeleg i skolekvardagen
- Ha tilgjengeleg "Sjekkliste for nynorsk" som rask grammatikksjekk (fint i nynorskmappa på It's learning)
- Ha tilgjengeleg den vesle foldaren *Nøkkel til nynorsk* av Almenningen m. fl (pensum på emne 2, kan kjøpast på Studia) for ein detaljert informasjon om grammatikk og rettskriving
- Bruk nynorsk i alle tekstar de skriv i praksistida – også i planleggingsskjema
- I praksisteamet: Hjelp kvarandre med å skrive best muleg nynorsk
- Norskoppgåva *Bok i praksis*. Drøft med øvingslæraren om nokre av nynorskbøkene de har på boktipslista kan brukast i undervisninga.
- Bokmerk og bruk nettstaden til *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* (nynorsksenteret.no) som idébank og ressursbase for undervisningsplanlegging

Råd for å vidareutvikle nynorskkompetansen

1 Å lære regelverket

- Ein rask ryddesjau: Lær deg grunnreglane i grammatikken (f eks ved hjelp av "sjekklista")
- Når du er trygg på grunnreglane, er det tid for perfeksjonering
- Øvingar: Bruk det interaktive nettkurset på Språkrådet sine nettsider (nynorsk.nett.no) og evt den sjølvinstruerande læreboka *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar* av Almenningen m.fl (2007)

2 Å lære gjennom å lese og skrive

- Les og skriv mest muleg nynorsk på fritida og i fagleg arbeid på høgskolen (sjå dokumentet "Lesetips" på It's learning)
- Ha ei ordliste lett tilgjengeleg (digital og/eller analog)

3 Bruk digitale oppslagsverk på nynorsk

- Bokmerk og bruk nynorskutgåva av Wikipedia i nettlesaren din
- Bokmerk og bruk Allkunne.no, eit nytt nynorsk digitalt oppslagsverk (opna i 2009)

Vedlegg 4 Notatet ”Erfart og tenkt om studentars nynorskkompetanse i lærarpraksis”

Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar

Elin Svenning Berge og Mette Eliassen, Søfteland skule

Notat frå framlegg i gruppe på FoU-seminaret ved Høgskulen i Volda okt 09

Erfart og tenkt om studentars nynorskkompetanse i lærarpraksis

Vi ser at:

- mange av studentane har for dårleg nynorskkompetanse
- mange av studentane skriv ein del nynorske feil
- mange av studentane føler seg usikre
- mange av studentane må arbeida mykje for at nynorskkompetansen skal bli god nok

Krav til lærarar ved nynorskskular:

- rett språk i alle skriv heim
- rett språk på tavla
- kunnskapar nok til å rettleia elevane i språkleg utvikling
- bruka nynorsk litteratur

For å utvikla kompetansen må studentane:

- bruka ”sjekklista” frå Berit Bjørlo, HiB, ressurs i nynorskmappe på It’s learning
- nytta ordliste og retteprogram på datamaskin
- levera alt skriftleg arbeid (til øvingslærar) på nynorsk
- få respons frå øvingslærar på rettskriving og språk i planane
NB: Planskjema frå lærarhøgskulen må liggja inne på begge målformer!
- førebu tavleskriving
- øva seg på høgtlesing for klassen
- samarbeida og kvalitetssikra kvarandre

Øvingslærar må arbeida med kvar student om:

- korleis er den nynorske bakgrunnen din
- kva slag haldning har du til nynorsk
- korleis er nynorskkompetansen din
- kva kan du / kva strever du med

- kva for krav skal vi stilla til deg i 1. perioden/2.perioden – vi stiller stadig strengare krav
- kva treng du hjelp til
- motivasjon

Viktig å tenkja på for øvingslærer:

- Snakka med studentane om kva slag haldning dei har til nynorsk som skriftspråk
- Det er viktig at vi greier å motivera studenten til å bruka språket og bli meir og meir stødig
- Vi må heile vegen bruka skjønn og stilla ulike krav til dei ulike studentane
- Etter kvart som studenten blir tryggare i lærarrolla og meistrar det generelle i nynorsk skriftmål, arbeider vi med det spesielle
- Minna om at alle gjer feil, og vi må våga å rettleia, retta og bli retta på
- Vi må (sjølvst) hjelpe studentane med å finna høveleg litteratur og anna materiale når dei har bruk for det

Vedlegg 5 Spørjeskjema I, november 2009

17 leverte svar

Del A

Vi ber deg svare på nokre spørsmål.

1 Kva målform hadde du som hovudmål

a)	i barneskolen?	Nynorsk 9	Bokmål 8
b)	i ungdomsskolen?	Nynorsk 8	Bokmål 9
c)	i den vidaregåande skolen?	Nynorsk 7	Bokmål 10

2 Kva målform reknar du som hovudmålet ditt i dag?

Bokmål: 11 Nynorsk 6

3 For dei som har skifta målform: Kva har vore dei viktigaste grunnane for målskiftet?

Målskifte frå bokmål til nynorsk:

- Ved overgang til ungdomsskolen: 1: (inga grunngeving)
- Ved overgang til vidaregåande skole: 1: "Tar alltid mye mer tid før man får tak i lærebøker på nynorsk"
- Ved overgang til høyskole/universitet: 2: "Mesteparten av undervisninga foregår som oftest på bokmål", "Mer naturlig å skrive bokmål."

Målskifte frå bokmål til nynorsk:

- Ved overgang til høyskole/universitet: 1: "For gøy. Det starta som eit lite triks for å kompensere for at eg gav blaffen i nynorsk på ungdomsskolen/vgs. Altså eit ynske om å lære. Dessutan er eg glad i dialektord."

4 Ville du valt å ha praksis i bokmålsklasse dersom du sjølv kunne bestemme?

Ja 9 Nei 5 Ingen preferanse 3

(Svaralternativa var ja/nei, men tre studentar oppgav at det ikkje spelte noka rolle kva målform som var opplæringspråk i praksisklassen)

5 Ser du det som positivt at du får praksis i ein nynorskklasse?

Ja, i stor grad 5 Ja, i nokon grad: 11 Nei 1

6 Trur du det vil by på problem for deg å bruke nynorsk i undervisninga?

Ja, i stor grad 0 Ja, i nokon grad 10 Nei, det vil ikkje by på problem: 7

7 Trur du det vil bli ekstra arbeidskrevjande for deg å ha praksis i nynorskklasse?

Ja, i stor grad: 2 Ja, i nokon grad: 6 Nei, det blir ikkje meirarbeid: 9

8 Trur du det vil vere vanskeleg for deg å skrive nynorsk spontant på tavla?

Ja, i stor grad 3 Ja, i nokon grad 6 Nei 8

9 Kan du tenkje deg å arbeide på ein nynorskskole i framtida?

Ja, i stor grad: 4 Ja, i nokon grad 7 Nei 5

Markering av både Nei og Ja, i nokon grad 1

Del B

Her skal du ta standpunkt til nokre påstandar:

(Her var oppgitt to svaralternativ: einig/ueinig. Nokre studentar har på eige initiativ markert ei nyansering. Desse svarea er gjengitte særskilt i eit eige felt)

10 Nynorsken er ein viktig del av norsk kulturarv einig 14 / ueinig 2
Delvis ueinig: 1

11 Det er positivt at nynorsk skriftspråk byggjer på dialektane einig 14 / ueinig 0
Markert begge svaralternativ: 2 Delvis einig: 1

12 Å meistre to norske skriftspråk kan vere utviklande for språkkompetansen einig 15 / ueinig 2

13 Alle forstår bokmål, det er heilt unødvendig med nynorsk einig 4 / ueinig 12
Markert begge svaralternativ: 1

- 14 Nynorsk er vanskeleg å lære einig 7 / ueinig 10
- 15 Nynorsk er eit bruksspråk som passar i alle samanhengar einig 6 / ueinig 10
Markert begge svaralternativ: 1
- 16 Det er rimeleg at allmennlærarar skal meistre både bokmål og nynorsk einig 15 / ueinig 2

Del C

Frie svar

17 Korleis ser du på den stillinga nynorsken har i det norske samfunnet i dag?

Bokmålsbrukarar (B)

- B1 "Usikker, har ikke satt meg godt nok inn i det."
 B2 "Nynorsk klynger seg til illusjonen om at det er det mest norske språket. Noe det ikke er. Nynorsken er kvotert inn i samfunnet fordi noen griner mer enn andre. Nynorsk er så pass likt bokmål at en kanskje burde vurdere viktigheten av å lære det i forhold til f eks samisk eller kinesisk?"
 B3 "Jeg synes det burde være frivillig"
 B4 "Jeg mener det er naturlig at bokmål dominerer i det offentlige rom når omtrent 85 % at det norske folk har det som sitt hovedmål. Men jeg mener absolutt at de som foretrekker nynorsk bør få bruke det. Men nynorsk har ikkje akkurat så god stilling i samfunnet. Veldig mange har sterke fordommer mot nynorsk."
 B5 "Nynorsken er både hatet og elsket. De som ikke er vokst opp med nynorsk, er negative, det er i hvert fall mitt inntrykk."
 B6 "Nynorsken har ikke like stor plass i samfunnet som bokmål. I media er det hovedsakelig bokmål."
 B7 Det blir ofte sett negativt på, det er ikke bra. Det er jo faktisk det som "er" norsk.

Nynorskbrukarar (N)

- N1 "Målforma slit med alltid å vere sett i samanheng med noko negativt, t. d tvang"
 N2 "Verkar som nynorsken er i fare for å dette bort, mange lærarar stiller seg negative til nynorsken, finnes få bøker på nynorsk."
 N3 "Nynorsken er viktig, og vi må derfor ta vare på den."
 N4 "Syns det er dumt at så mange bokmålmenneske vil så å seie utrydde nynorsken."
 N5 Utan svar
 N6 "Eg tykkjer at nynorsken blir sett litt ned på i dagens samfunn."

Bokmålsbrukarar som tidlegare hatt nynorsk som hovudmål (BN)

- BN1 "Det er berre stress at ein skal lære seg to målformer"
 BN2 "Jeg tror og mener bokmål er "overlegen", men at begge målformene stadig blir mer like"
 BN3 Utan svar
 BN4 "Dessverre har det fått ein dårlig stilling selv i nynorskommuner. Vi burde derfor prøve å holde fast i den enda meir."

18 Kva holdningar vil du seie at du har til nynorsk?

- B1 "Bedre nå enn før. Likte det ikke i det hele tatt da jeg vokste opp på Østlandet, og så ikke vitsen med det. Etter ganske mange år på Vestlandet liker jeg det bedre."
 B2 "Jeg er utelukkende imot nynorsk da jeg mener at dialektbevaring burde vært i fokus. Nynorsk er en potpuri som ikke gjenspeiler det muntlige norske språk (som jo var intensjonen). Det er greit å lære litt nynorsk, men det burde ikke vært eget fag eller vurderes."
 B3 "Jeg liker best bokmål."
 B4 "Jeg aksepterer at andre vil bruke nynorsk som skriftspråk, men for meg ville det blitt totalt unødvendig. Det ligger så langt fra min talemåte, og jeg må innrømme at jeg ikke helt ser vitsen med at jeg skal bruke så mye tid på å lære meg nynorsk istedet for å forbedre bokmålskunnskapene mine. Jeg synes folk sjøl skal få velge skriftspråk. Man forstår jo hverandre uansett."
 B5 "Det er bra vi har nynorsk, men jeg synes ikkje vi hadde behøvd å ha tentamener og lignende i skolen."
 B6 "Er delt, syns det ville vært enklere/bedre med ett skriftspråk".
 B7 "Før jeg begynte på ALU var jeg negativ, syntes at det var unødvendig med sidemål. Nå etter å ha lest så mye pensum på nynorsk [i emna tekstkunnskap og munnleg kommunikasjon i norskfaget for ALU1 ved HiB], er jeg mer positiv. Skulle ønske jeg hadde lært meir nynorsk tidligere."
 N1 "Eg synst nynorsk er triveleg."
 N2 "Er svært positiv og ynskjer å ta vare på det."

- N3 "Eg har gode holdningar til nynorsk sidan eg sjølv brukar dette."
 N4 "Eg likar nynorsk, og prøvar å halde på den."
 N5 "Eg har positive holdningar til nynorsk."
 N6 "Eg tykkjer nynorsk er eit vent språk."
- BN1 "Nynorsk er OK"
 BN2 "Jeg er positiv til nynorsk, og vil absolutt si at det en fordel å ha nynorsk som hovedmål på barne- og ungdomsskolen. Bokmål får en i en større grad inn gjennom bøker og TV"
 BN3 Utan svar
 BN4 "Positive holdninger. Bruker en del nynorskord i dagligtalen og ser at det har sin sjarm."

19 Korleis vurderer du dine egne nynorskkunnskapar?

- B1 "Ikke veldig bra, men har kommet seg de siste fem år."
 B2 "Jeg forstår nynorsk. Men må bruke uhorvelige mengder tid i ordboken når jeg skal skrive det, da jeg er fra Bergen og ikke setter kjønn på ting."
 B3 "Mine nynorskkunnskaper er helt OK"
 B4 "Skikkelig middels. Mange hull i grammatikken."
 B5 "Helt ok, ikkje veldig flink, men heller ikke elendig."
 B6 "Dårlige, fordi jeg ikke bruker det like aktivt som bokmål. Derfor vanskeligere å lære seg."
 B7 "Helt ok, klarer å skrive nynorsk, men må ofte tenke en del. Det kommer ikke helt naturlig."
- N1 "Ok, men eg har ikkje lært grammatikken"
 N2 "OK."
 N3 "Nynorsken min er det ikkje noko i vegen med. Eg har god kunnskap om nynorsk. Men det er alltid meir å læra, og det ser eg fram til."
 N4 "Eg merkar at det er lett å la seg påverke av bokmålsmålet, og at eg somme tider skriv bokmål, men eg har nokså god kontroll."
 N5 "Nynorskkunskapane mine er OK."
 N6 "Mine egne nynorskkunnskaper er heilt greie. Dei er korkje sær gode eller dårlege."
- BN1 "Eg trur eg skriv nynorsk og bokmål like godt"
 BN2 "Jeg synes at mine nynorskkunnskaper er OK, kan alltid forbedres"
 BN3 "De kunne vert mye bedre"
 BN4 "Sidan eg har hatt nynorsk i heile grunnskulen, vil eg sei at det er over gjennomsnittet."

20 Korleis er motivasjonen din for å bli betre i nynorsk? Kva for læringsmåtar vil vere viktig for deg å prioritere (pugge reglar, lese og skrive nynorsk)? Kva treng du hjelp til?

- B1 "Jeg tror det er bra å lære seg nynorsk bedre enn jeg kan nå, bra å kunne begge målformer. Tror alle læringsmåter nevnt ovenfor er bra. Jeg trenger hjelp til å lage et opplegg for hvordan jeg skal sette i gang, min egen motivasjon er ikke høy nok."
 B2 "Null motivasjon. Må lære kjønn. For meg finnes det ikke logisk at en stol er hokjønn (eller hankjønn). Jeg tror lesing og skriving er den beste læringsmetoden."
 B3 "Lese og skrive nynorsk."
 B4 "Jeg må jo simpelthen bli bedre. Både fordi vi skal bruke det på en eksamen til våren og fordi jeg har praksis på en nynorskskole. Men må pugge regler og øve meg på å skrive nynorsk. Når nesten alt pensumet er på nynorsk [i emna tekstkunnskap og munnleg kommunikasjon i norskfaget for ALU1 ved HiB], er jeg jo simpelthent nødt til å lese store mengder nynorsk språk."
 B5 "Jeg har lært mye av å lese faglitteratur på nynorsk [i emna tekstkunnskap og munnleg kommunikasjon i norskfaget for ALU1 ved HiB]. Ellers lærer jeg mest ved å skrive nynorsk, og slå opp ord."
 B6 "Motivasjonen er sånn passe, klarer meg fint med bokmål. Viktig med god blanding, pugge regler, men først og fremst lese og skrive."
 B7 "Jeg tror at det å lese og skrive nynorsk vil hjelpe meg veldig med å bli bedre."
- N1 "Bruke målforma så ofte som mogleg. Grammatikkurs"
 N2 "Skrive tekstar som nokre kan hjelpe meg å retta."
 N3 "Eg ser fram til å gjere nynorsken min betre. Eg trur eg lærer best ved å lese og skrive nynorsk, noko eg allereie gjer."
 N4 "Motivasjonen er på topp, eg vil gjerne forfriske nynorsken min. Generelt: øving gjer meister! Eg treng berre å sette meg ned å repetere litt for meg sjølv!
 N5 "Veit ikkje"
 N6 "Tja, er ikkje den mest motiverte reknar eg med. Eg trur pugging av reglar er noko av det eg burde prioritert og fokusert på. Skrive nynorsk gjer eg til vanleg uansett. Kunne trenge å bli meir konsekvent med å bruke nynorskord, blandar ofte inn bokmålsord."

- BN1 "Pugge reglane.Motivasjonen er ganske dårleg. Jeg føler det blir ekstra stress for oss å være med på dette kurset i tillegg til alt annet skolearbeid. Det burde vært valgfritt slik at dei som har problemar med nynorsk kunne vald å vere med."
- BN2 "For meg blir det å prioritere å lese og skrive mer nynorsk, Reglene kommer mer naturlig da. Mitt største problem er at det skal bli naturlig å skrive nynorsk uten å falle tilbake til bokmål."
- BN3 "Jeg kan ikke si at motivasjonen er så veldig bra. Jeg tror det hadde hjelpt å skrive mye mer nynorsk. Enkelte nynorske ord glemmer jeg helt å bruke,"
- BN4 "Skrive og lese er viktige læringsmåter. Føler jeg mestrer nynorsk greit, men har kanskje glemt vekk litt grammatikk."

21 Kva kompetanse meiner du ein god nynorsklærer bør ha?

- B1 "Usikker. Men hvis man skal være nynorsklærer, bør man være sikker på seg sjølv + at man kan det."
- B2 "Må klare å motivere umotiverte elever."
- B3 "Kunne grammatikk og det generelle."
- B4 "Kunne alle regler, kunne forskjeller på nynorsk og bokmål."
- B5 "Skriveferdigheter"
- B6 "Kunne reglene og skrive bra og formidle nynorsken."
- B7 "En bør kunne bruke nynorsk helt naturlig, ikke måtte tenke mye for å skrive en setning på tavla."

- N1 "Vanskeleg å svare på"
- N2 "Kjenne til det grammatiske ved språket, også til sideformene."
- N3 "Ein god nynorsklærer bør kunna nynorsk i den grad at han/ho kan lære ifrå seg."
- N4 "Bør kunne grammatikken godt."
- N5 "Veit ikkje"
- N6 Utan svar

- BN1 Utan svar
- BN2 "En god nynorsklærer bør ha et naturlig forhold til målformen og formidle det slik at det blir naturlig og forståelig for eleven."
- BN3 Utan svar
- BN4 "God grammatikkunnskap."

Vedlegg 6 Spørjeskjema II, april 2010

Del I: Spørjeskjema

20 leverte svar

1 Kva målform hadde du som hovudmål (kryss av)

	<i>bokmål</i>	<i>nynorsk</i>
barneskolen	7	13
ungdomsskolen	9	11
vidaregåande skole	11	9

2 Kva målform reknar du som hovudmålet ditt i dag?

Bokmål 12

Nynorsk 8 (ein av desse har skifta frå bokmål til nynorsk etter vidaregåande skole)

I det følgjande er svara sorterte i desse gruppene:

Bokmålsbrukarar(B) 6 informantar

Bokmålsbrukarar som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare (BN): 6 informantar

Nynorskbrukarar (N): 8 informantar

3 Ser du det som ei positiv erfaring å ha hatt lærarpraksis i ein nynorskklasse?

Kvifor/kvifor ikkje?

B1 : "Ja, det har fått meg til å bli bedre i nynorsk."

B2: "Positiv. Fordi eg har lært mye nynorsk."

B5: "Eg ser det som ei positiv erfaring fordi eg har utvikla mi nynorskkompetanse og lært mykje! Eg har sett korleis ein gjennomfører nynorskundervisning i ei nynorskklasse og fått mange erfaringar."

B6: "Jeg ser det som en positiv erfaring fordi jeg har blitt bedre i nynorsk. Jeg synes det er lettere og føler at jeg ikke strever like mye."

B7: "Eg ser det som ei positiv erfaring, eg har blitt betre i, og meir positiv til nynorsk."

B8: "Ja! Fikk øvd på nynorsk og brukt det på tavlen og i nynorsk generelt."

BN1: "Eg taklar nynorsk like bra som bokmål, derfor spelar det inga rolle kva for målform skulen bruker"

BN2: Eg ser på det som ei positiv erfaring. Nynorsk er eit av dei to hovudmåla me har i Noreg, så eg meiner at det er viktig at me som framtidige lærarar meistarar eller i hvertfall har og kjennskap til målforma."

BN3: "Klart det er ei positiv erfaring. Eg føler sjølv at eg har lært mykje og blitt betre i nynorsk. Allikevel trur eg ikkje at eg vil få noko bruk for det seinare."(svarer nei på spørsmål 4, ønske om å jobbe på nynorsk skole i framtida)

BN 4: "Ja, eg har fått tatt i bruk nynorsken igjen. I tillegg får eg eit betre ordforråd."

BN5: "Ja, fordi eg vil tilbake til heimstaden ein gong, og det er ein nynorsk skule."

BN6: "Jeg er egentlig svak i nynorsk, så det å ha praksis i en nynorskklasse var lærerikt for meg. Det var litt vanskelig i begynnelsen, men så merket jeg at det ble bedre og bedre utover i perioden."

N1: "Positivt!"

N2: "Grunna at eg brukar nynorsk til vanleg var det å ha praksis på ein nynorsk skule greitt, men gav meg ikkje nokre spesielle erfaringar."

N3: "Det er sjølvagt positivt å ha hatt lærarpraksis i ein nynorskklasse for meg, sidan eg sjølv har vakse opp med nynorsk i skulen."

N4: Ja, fordi det er lærerikt og interessant. Eg blei meir konsekvent i forhold til å bruke nynorsk."

N5: Eg ser på det som ei verdifull erfaring å ha hatt praksis i ein nynorskklasse, men trur ikkje det er så veldig annleis å ha praksis der enn i ein bokmålsklasse."

N6: "Eg ser på det som ei positiv erfaring, da eg fekk øvd meg på å bruke nynorsk i undervisning. I tillegg var det ein skule med a-infinitiv, noko som gjorde det krevjande, då eg ikkje er vane med det."

N7: Utan svar

N8: "Ja, eg ser det som positivt."

Samanfatning spørsmål 3: B: alle 6 positive, BN: alle 6 positive, N: 7 positive (eitt utan svar)

4 Kan du tenkje deg å arbeide på ein nynorsk skole når du blir ferdig allmennlærer?

Ja, i stor grad: 7

Ja, i nokon grad: 10

Nei: 3

5 I kva grad vil du seie at du meistrar å skrive nynorsk utan støtte i hjelpemiddel eller rettleiing?

I stor grad: 9 I nokon grad: 10 I liten grad: 1

6 Kva for hjelp har vore mest nyttig for deg for å kunne skrive mest muleg korrekt nynorsk i praksisperioden?

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
trykt ordbok	4	6	10
ordbok på nett	4	6	10
rettleiing frå medstudentar	12	3	5
rettleiing frå øvingslærar	9	7	4

7 Opplevde du det som vanskeleg å lese høgt for elevane på nynorsk?

Alle: Ja, i stor grad: 2 Ja, i nokon grad: 5 Nei: 13
B: I stor grad: 1, I nokon grad: 3, Nei: 2
BN: I stor grad: 0, I nokon grad: 2, Nei: 4
N: I stor grad: 1 (har bokmålsbakgrunn, men skriv i dag nynorsk), I nokon grad: 0, Nei: 7

Samanfatning spørsmål 7: Sju studentar (35 %) opplever at det i stor eller nokon grad er vanskeleg å lese høgt på nynorsk.

8 Øvde du på høgtlesing av nynorskttekstar i forkant av undervisninga? Kvifor/kvifor ikkje?

Ja: 11

Grunngiving: To av desse svarte at dei ville øvd på høgtlesinga også om teksten var på bokmål. Øvinga var for dei ein del av ei generell førebuing. Dei ni andre oppgav at dei ville førebu seg for å få meir flyt i høgtlesinga på nynorsk. Alle desse ni har hatt bokmål som hovudmål heile eller delar av skolegangen.

Nei: 9

Grunngiving: Alle ni oppgav at dei var fortrulege med å lese høgt på nynorsk og at dei derfor ikkje hadde behov for å øve seg på førehand. Alle ni i denne svarkategorien har eller har hatt nynorsk som hovudmål.

9 I kva grad har du i løpet av studieåret brukt læringsressursar som er lagt inn i nynorskmappa på It's learning? (Ikkje alle sette kryss her)

	i stor grad	i nokon grad	i liten grad
sjekklisse for nynorsk (grunnreglar i grammatikk)	1	5	13
lesetips på nynorsk		2	15
Nynorsk på nett (lenkjesamling)		4	13

10 Har du i løpet av studieåret brukt nettstaden til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (nynorsksenteret.no)? Kva for ressursar på denne nettstaden har du i så fall brukt, og til kva formål?

Ja: 4

Tre oppgir at dei har brukt nettstaden for å finne tips til litteratur på nynorsk. Ein har sett nærmare på nokre grammatikkoppgåver.

Nei: 16

11 Å finne gode barnebøker på nynorsk: ei vurdering av norskoppgåva "Bok i praksis" Var oppgåva nyttig? Grunngi.

(Tilleggsinformasjon: Oppgåva "Bok i praksis" blei hausten 09 brukt som ein forprøve innanfor emnet 'Tekstkunnskap' (12 stp) i det obligatoriske norskfaget i allmennlærerutdanninga. Oppgåva var praksisrelatert og inneheldt krav om å velje ut og gi ei fagleg og didaktisk vurdering av til saman åtte bøker som kunne passe for aldersgruppa i den klassen studentane hadde lærarpraksis i. For studentar med praksis i nynorskklassar skulle fleirtalet av bøkene vere på nynorsk, og oppgåva skulle også skrivast på nynorsk.)

B1: "Ja, men det var mest nyttig å lese dei nynorske bøkene."

B2: "Jeg fikk lest mye nynorsk."

B5: "Ja, oppgåva var nyttig, og vi lærte kva for bøkar vi eventuelt kunne bruke i praksis."

B6: "Ja, det var den, vi fikk blant annet oppleve at det å finne gode barnebøker på nynorsk var en utfordring."

B7: "Eg synes at det var nyttig, det krev litt meir tid å finne gode bøker på nynorsk enn på bokmål, sidan utvalet av bokmålsbøker er større."

B8: "Ja, i nokon grad."

BN1: "Det var greit å få eit overblikk over nynorskbøker som finst for barn."

BN 2: "Eg meiner oppgåva var nyttig."

BN 3: "Denne oppgåva var nyttig. Eg fekk god øving i nynorskskriving, og det var spennande å finne bøker skreve på nynorsk."

BN 4: "For meg var denne oppgåva nyttig. Eg fekk litt betre oversikt over bøker/forlag som har nynorsk. Eg jobbar til vanlig i bokhandel i ein nynorskkommune, så eg følte kanskje at dette var ei "lett" oppgåve for meg."

BN5: "Ja, det var nyttig å sjå kva for bøker som fanst på nynorsk. Dette er nyttig å vite både i praksis og seinare som lærar."

BN6: "Jeg synest at oppgåve var nyttig ettersom jeg fikk lest mere på nynorsk"

N1: "Det er interessant og eigentleg koselig å leite etter barnebøker, men nynorsk faktabok/fagbok var vanskeleg å finne på vårt nivå [som kunne passe for 3. klassesetrinn]."

N2: "Det var interessant å sjå at det går an å finne bøker på nynorsk og me brukte også den eine boka i praksisklassen som høgtlesing."

N3: "Oppgåva var for meg nyttig i den grad at eg fekk meir oversikt over kva for bøker eg kan bruka i skulen. Særleg sidan eg håpar på å verta lærar på ein nynorskskule."

N4: "Ja, eg syns det var greitt å vite kva bøker som fins. Dei fleste bøker er på bokmål, og derfor lett å velje vekk nynorskbøker. No har eg meir kunnskap om dette."

N5: "Oppgåva var nyttig i den forstand at vi vart orientert om utvalet av nynorskbøker for barn."

N6: "Oppgåva kravde at ein måtte setja seg litt inn i litteratur på nynorsk, og det førte til at ein fekk eit utbytte av oppgåva."

N7: "For studentar som har bokmål som hovudmål, ser eg for meg at dette er svært nyttig."

N8: "Utan svar."

Samanfatning spørsmål 11: Nyttieverdi for oppgåva "Bok i praksis":

B: Alle 6 gir positiv respons

BN: Alle 6 gir positiv respons

N: 6 gir positiv respons, ein har ikkje svart og ein meiner at oppgåva har mest nytteverdi for bokmålsbrukarar

Brukte du nokon av dei utvalde bøkene i praksistida?

Ja: 10, Nei: 10

12 Vurdering av prosjektsamlinga på Os skule 17. mars 2010. Kva utbytte hadde du av

	stort	noko	lite
orientering om prosjektet "Vi les, skriv og syng nynorsk"	3	13	4
biblioteket som læringsarena	6	10	4
forfattarbesøk av Erna Osland	7	10	3

Eventuelt andre kommentarar om samlinga

B7: "Det var kanskje litt uklart kva nytte me skulle få ut av det. Men forfattarbesøket var veldig interessant."

BN6: "Det var en fin samling".

N3: "Svært lærerikt og interessant å få lov til å vera med på ei slik samling."

N7: "Eg tykjer det er sær bra at skulen set fokus på nynorsk. Det er viktig at elevar har kjennskap til begge målformene."

N8: "Eg tykte det var fint å få ein oversikt over kva bøker som finst på nynorsk for barn og unge."

Del II: Kartlegging av nynorskkompetanse

A Eigenvurdering

1 Oppfattar du deg sjølv som "flink" i nynorsk?

B1: Ikkje særskild

B2: På ingen måte.

B5: Eg oppfattar meg som heilt middels.

B6: Nei, synes jeg er heil ok

B7: Eg oppfattar meg sjølv som over gjennomsnittet i nynorsk (det er tross alt sidemålet mitt)

B8: Nei, eg er ikkje flink i nynorsk. Eg vel feil ord og bøyar feil

BN1: Sånn passe

BN2: Eg oppfattar meg sjølv som brukbar i nynorsk.

BN 3: Eg oppfattar meg som heilt OK i nynorsk

BN4: OK

BN5: Tja, eg har alltid hatt gode karakterar, men er usikker på bøyinga av nokre ord ol.

BN6: Jeg bruker bare bokmål, men jeg kan en del nynorsk.

- N1: Flink til å vere relativt nykonvertert
 N2: Ja, eg føler at eg skriv heilt OK på nynorsk
 N3: Eg oppfattar meg sjølv som flink i nynorsk, sidan dette har vore hovudmålet mitt i alle skuleår.
 N4: Eg føler meg nokså flink, men i forhold til at eg alltid har skrivne/snakka nynorsk, burde eg vore flinkare
 N5: Ja.
 N6: Nei, ikkje særskilt flink
 N7: I og med at nynorsk er hovudmålet mitt meiner eg at eg beherskar dette bra.
 N8: Ja, det gjer eg. Har alltid skrivne på nynorsk.

Samanfatning spørsmål 1:

B: Ikkje flink. 3, Ok eller middels: 2, Over gjennomsnittet: 1

BN: Alle 6 plasserer seg innanfor eit middels godt nivå: ”tja”, ”ok”, ”heilt ok”, ”passe”, ”brukbar”, ”kan ein del”

N: Ikkje flink: 1, Middels: 3 (”heilt ok”, ”nokså flink”, ”bra”), Flink: 5

2 Kva er det viktigaste å kunna for å vera ”flink” i nynorsk, meiner du? Grunnngje svaret.

Ranger punkta a-c frå ved å setja tal frå 1 (viktigast) til 3 (minst viktig) i parentes bak kvart punkt). Dersom du vil ha med fleire moment, brukar du d-punktet og set sjølv inn kva det bør innehalda. Ta då dette med i rangeringa.

a Å kjenna dei ”nynorske” orda (.....)

b Å meistra bøyingsystemet (....)

c Å kunna byggja opp setningar som gjevein talemålsnær stil (....)

d Anna (....) (...)

3 Meiner du at nynorsken din har betra seg det siste året? Viss ja, kvifor?

B1: Ja, eg har måttet bruke det i praksis, samt skrive ein del oppgåver på nynorsk.

B2: Ja, fordi jeg har brukt nynorsk.

B5: Ja, fordi eg har skreve oppgåver på nynorsk, lest nynorsk pensum, vært på nynorsk praksisskule og arbeida med medstudentar som skriv og ”snakkar” nynorsk.

B6: Jeg håper og tror den er blitt betre, siden i praksis har vi måttet skrive mye meir nynorsk enn elles, øvingslæraren hadde en liten ”nynorskleksjon” hver dag.

B7: Ja, eg har blitt mykje meir bevisst på nynorsken og brukar nynorsk i fleire samanhengar.

B8: Ja, mykje øving relatert til praksis har hjulpet.

BN1: Nei, etter at eg skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål har nynorsken blitt dårlegare. Grunnen til at eg bytta var at eg ikkje fekk lærebøker på nynorsk.

BN2: Den har betra seg i løpet av praksis for då har eg brukt målforma dagleg og fekk rettleiing undervegs av øvingslærar og medstudentar.

BN3: Eg meiner nynorsken min har betra seg fordi eg har hatt praksis i nynorsk og skriv mykje nynorsk i norsktimane.

BN4: Nei, har gått over til å skrive meir bokmål. Derfor er den også blitt svekket.

BN5: Nei, eg trur den har blitt dårlegare, fordi bokmål ligg meir naturleg for meg, og ingen skulle ”tvinga” nynorsken på meg igjen.

BN 6: Etter praksis har den blitt en god del betre.

N1: Ja. Diskusjon i praksisgruppa om målforma.

N2: Nei

N3: Eg meiner nynorsken min har vore den same dette året som sist år.

N4: Ja, litt, fordi eg blei meir konsekvent på å skrive nynorsk medan eg var i praksis.

N5: Ja. Eg er meir bevisst på talemålet og skriftspråket mitt og ynskjer å oppretthalde nynorsken som mitt hovudmål.

N6: Nei

N7: Øving i oppgåveskriving og skriving av fagtekstar har vore god øving. Ein blir obs på språket og grammatikk.

N8: Nei.

Samanfatning spørsmål 3:

B: Nynorsken har betra seg: 5 svarer ja, ein har ikkje svart. Grunnngiving: nynorskbuk i lærarpraksis, oppgåveskriving og pensumtekstar på nynorsk (knytt til pensum og fagoppgåver i lærarutdanninga), brukt nynorsk i fleire samanhengar.

BN: Nynorsken har betra seg: 3 svarer ja og grunnngir det med dagleg bruk av nynorsk i praksisperioden. Alle desse tre skifta til bokmål *før* vidaregåande skole. Det er altså mange år sidan dei var nynorskbukarar, og desse har opplevd at hyppig nynorskbuk i praksisperiodane har hatt god læringseffekt.

BN: Nynorsken har ikkje betra seg: 3 svarer at nynorsken er blitt dårlegare siste året og grunnngir dette med målskifte og dermed mindre nynorskeksponering enn tidlegare.

N: Nynorsken har betra seg: 4. Grunnngiving: ”Diskusjon om målforma i praksisgruppa”, ”meir konsekvent på å skrive nynorsk medan eg var i praksis”, ”meir bevisst på talemålet og skriftspråket mitt”, ”meir oppmerksom på språket og grammatikken” Dei meiner altså at dei har utvikla eit større *språkleg medvit* om eiga målform.

N: Nynorsken har ikkje betra seg: 4. Jamføring med svar frå spørsmål 1: Tre av desse reknar seg som flinke i nynorsk og det kan derfor vere rimeleg å tru at desse studentane meiner dei har ikkje har noko spesielt behov for å betre nynorsken sin. Ein reknar seg som "ikkje flink" i nynorsk, men reknar heller ikkje med framgang i løpet av studieåret.

4 Kva har du sjølv gjort for å utvikla deg som nynorskbrukar det siste året?

B1: Slått oftare opp i ordbok dersom eg har vært usikker

B2: Gått på livets skole

B5: Eg har vore på nynorsk kurs og lest, samt rådført meg med medstudentar som er betre enn meg til å skrive nynorsk.

B6: Jeg har prøvd å bli bedre til å bruke ordbok, skrive og lese på nynorsk.

B7: Eg har lese ein del nynorsk og prøvd å bruke nynorsk i fleire samanhengar (til dømes meldingar, facebook, notatar osv)

B8: Ikkje meir enn å arbeide med skolearbeid, oppgaver og slikt

BN1: Skrive mange oppgaver

BN2: Eg bruker meir nynorsk i det daglege livet, har bokmerka nynorsk ordbok på nett, har endra facebook til nynorsk osv

BN3: Eg har gjort oppgaver på nettet og skrive og lest mykje meir nynorsk

BN4: I praksis har me bare brukt nynorsk og hjulpet kvarander med rettskriving.

BN 5: Prøvd å skrive meir nynorsk i notatar ol

BN6: Jeg har vel ikke gjort så mye sjølv, men i praksis var det nynorsk [Nynorsk i lærarpraksis: 4 veker om våren og 3 veker om hausten]

N1: Har leika med språket.

N2: Eg har nok skrive meir nynorsk, sidan me har studert norsk, men trur ikkje eg er blitt spesielt betre.

N3: Eg har kanskje vore litt meir observant når det gjeld å finne tekstar på nynorsk i praksis, sidan eg hadde praksis på ein nynorsk skule.

N4: Når eg skriv nynorsk oppgaver sjekkar eg ofte ut på nett korleis ord blir skrivne (når eg er usikker)

N5: Ikkje noko spesielt.

N6: Eg har lese nynorsk og alle tekstane eg har levert har vore skriven på nynorsk.

N7: Eg har konsekvent brukt nynorsk målform både på skulen og elles.

N8: Eg har ikkje gjort noko.

Samanfatning spørsmål 4:

B: 5 nemner at dei har lese og skrive nynorsk i fleire samanhengar i studiet, 2 nemner at dei er blitt betre til å bruke ordbok, 1 nemner rådføring med medstudentar, 1 viser til auka nynorskbruk også i dagleglivet (notat, facebook, meldingar ol)

BN: Alle 6 nemner at dei har lese og skrive nynorsk i fleire samanhengar i studiet. 3 svarer at dei i tillegg har teke nynorsk oftare i bruk i dagleglivet (notat, facebook, meldingar, gjord oppgaver på nett ol)

N: 3 har ikkje gjort noko spesielt, 1 "har leika med språket", 1 har konsekvent brukt nynorsk både på skulen både på skulen og elles, 1 sjekkar oftare med ordbok på nett, 1 svar er meir didaktisk orientert: meir observant på å finne tekstar på nynorsk for elevane

5 Du har arbeidd med nynorsk både i praksis og i studiet det siste året. Kva meiner du at du har lært mest av? Kvifor?

B1: Eg lærte mykje av nynorsk i praksis. Det vart viktigare for meg å skrive rett på tavla, samt at eg fekk tilbakemeldingar av øvingslærar om feil på planleggingsskjema.

B2: Gått på livets skole

B5: Eg har lært mest av å lese pensum på nynorsk og å planlegge og undervise på nynorsk.

B6: Lært mest av å være i praksis, der måtte jeg bruke det aktivt hele tiden.

B7: Kombinasjonen. Eg fekk veldig mykje 'input' med nynorsk i praksisen, noko som hjalp i oppgaveskriving og liknande på høgskulen.

B8: Ganske jevnt, eg vil sei like mykje

BN1: Eg lærer mest av å skrive oppgaver. Eg føler at eg mestrar nynorsk ganske greitt når eg kjem inn i det, derfor er det nyttig for meg å skriva og bruka nynorsk mykje slik at eg held det ved like og ikkje begynner å tenke bokmål.

BN2: Praksis, fordi der fekk eg heile tida rettleiing på feil.

BN3: Praksis, fordi her brukar ein det heile tida.

BN 4: Eg har lært mest i praksis fordi me retta på kvarandre sine undervisningsskjema.

BN5: Trur det er ganske likt.

BN6: Praksis, for der brukte jeg konstant nynorsk.

N1: Bruk av a-infinitiv [i praksisperiodane] har vore med på å auke medvit om bøyingsformer. Samtale i praksisgruppa.

N2: Eg har vorte meir merksam på å skrive rett, sidan det er viktig i undervisninga og i oppgaver relatert til skulen.

N3: Begge delar har vore lærerikt for meg.

N4: Som sagt, mest i praksis, gjennom planlegging av undervisning og gjennomgang av oppgaver på tavla.

N5: Bok i praksis, som nemnt tidlegare gav det oss eit innblikk i den nynorske barnelitteraturen.

N6: Utan svar.

N7: Eg har lært mykje av å skriva fagtekstar på nynorsk og finna gode nynorskbøker til barn og unge, dikt, songar ol.

N8: Usikker på kva eg har lært i praksis.

Samanfatning spørsmål 5:

B: Lært mest av praksis: 2, Kombinasjon: 4

BN: Lært mest av praksis: 2, Kombinasjon: 2

N: Meir varierte døme og meir spesifikke grunngevingar: Krav om bruk av a-infinitiv i lærarpraksi har auka medvit om bøyingsformer, blitt meir merksam på å skrive rett i undervisningssamanheng, fått meir innblikk i den nynorske barnelitteraturen og nynorske dikt og songar.

B Å skrive

Livet mitt og eg

(Fyll inn verb- og substantivformene i rett form)

Eg(like) å vere i lag med folk. Di fleire (menneske) samla, di betre har eg det. Medan nokon(fokusere) på kvaliteten i eit vennskap, er eg meir oppteken av kvantitet. Det (trengje) ikkje vere så komplisert å samle mange(kompis) til ein fest – ein kan berre kjøpe inn ein diger haug med(eple), fylle vatn i (mugge), og så kan ein ha det moro i mange (time). Det(hjelp) jo òg å ha eit godt musikkanlegg. Eg har (lese) at (eplefest fleirtal) er veldig moderne i USA.

I helgene (arbeide) eg i ein klesbutikk. Sist laurdag kom det inn ei dame som (fortelje) at ho hadde (stele) ei dyr jakke i butikken vår. Ho hadde (vere) så kald, og (freisting) blei for stor. Vi fekk (jakke) tilbake, og dama gjekk letta ut igjen av butikken.

Til slutt vil eg fortelje litt om familien min. Mor og far min (skilje) seg då eg var to år. No har eg to (mor), to (far), tre (halvbror) og to (søster). Det høyrer nok litt komplisert ut, men stort sett er det veldig sosalt og kjekt.

Praksisstudent på ein nynorskskule – ei personleg opplevingsforteljing

(Fritekst: Skriv på nynorsk, ca. ei halv side)

Utdrag frå dei tekstane som eksplisitt skriv om erfaringar med å ha lærarpraksis på ein nynorskskule i motsetnad til ein bokmålsskule:

B1: "Dette med nynorsken var ei utfordring i seg sjølv. Eg er ikkje vand med å bruka nynorsk aktivt i det heile tatt. I byrjinga gløymde eg meg ofte bort og skreiv bokmål på tavla. Eg fekk beskjed av øvingslærarane at det var betre å førebu det eg skulle skrive på tavla slik at det blei korrekt. Dette var noko som var vanskeleg, sidan det ofte kjem inn nye spørsmål og element inn. Men alt i alt syns et det gjekk veldig greitt, og det at eg måtte skrive planleggingsskjema på nynorsk hjalp meg og."

B5: "Eg var i utgangspunktet ikkje veldig fornøgd med å koma på ein nynorsk skule, då eg kjende at det kom til å bli ein utfordring å skulle skrive og undervisa på nynorsk. Men ettersom tida gjekk, blei eg meir og meir van med det, og det gjekk nesten automatisk. Eg fekk mykje hjelp av mine medstudentar og vi samarbeida godt."

B6: "Eg har berre positive erfaringar frå praksisperioda på ei nynorskskule. Eg vil sei at eg har forbetra meg i å skrive nynorsk, før hadde eg ikkje peiling, men no går det mykje betre. Men eg må framleis tenkje når eg skriv nynorsk og må slå opp i ordboka. Eg føler meg mykje meir førebudd til eksamen som er på nynorsk en viss eg ikkje hadde vore på ein nynorsk skule."

B7: "Det var veldig kjekt å vere i praksis på ein nynorskskule. Eg fekk veldig mykje ut av det og merkar at eg har blitt mykje flinkare i nynorsk. Nå kjem orda automatisk når eg skriv. Sjølv sagt er det ikkje heilt perfekt ennå, men endringa er stor. Det var kjekt å sjå korleis ungane der eg var i praksis brukte nynorsk som ein naturleg del av kvardagen. Me fekk fort kommentarar visst med kom med ein tekst som var på bokmål (noko me som "bokmålsfolk" ikkje hadde tenkt over ei gong). Det er godt å sjå at elevane er vakne og helst vil ha tekstane på nynorsk."

BN1: Å vera i praksis på ein nynorsk skule er veldig OK. Me studentane har fått erfara at det ofte lønner seg å sjekke med ordboka før ein skriv noko på tavla. Det var ikkje så reint sjelden det sneik seg inn eit og anna bokmålsord. Kvar dag etter undervisning hadde me samtale med øvingslæraren, og då var nynorskleksjon eit fast punkt på skjema. Kvar dag valde ho tre ord som me hadde skrive feil og som me då måtte bøye."

BN2: "Det å kome til ein nynorskskule såg eg på som ei utfordring. Då eg sjølv gjekk på barneskulen hadde eg nynorsk som hovudmål, men no har det blitt ei stund sidan eg tok det i bruk. I starten på praksis tenkte eg ikkje så mykje over rettskriving

på tavla eller rettleiing av elevar som for eksempel hadde skrive bokmålsord i staden for nynorsk. Etter kvart forsto eg meir mi lærarrolle som ein god nynorsk rollemodell. Klart elevane ikkje orka å vere oppmerksame på rettskriving når ikkje studentane var så nøye. Difor blei dette noko eg tok tak i, og eg planla alltid før kvar undervisning kva eg skulle skrive på tavla.”

BN3: ”Ein time eg skulle ha heilt aleine var skummel fordi eg skulle bruke tavla og skrive på nynorsk. Dette var noko av det verste med å ha nynorsk i praksis. Elevane skreik ut stikkord rundt eit tema og eg skreiv på tavla. Brukte tid, spurde nokon gonger elevane og medstudentar om hjelp! Det var greitt, og timen gjekk fint. Eg skreiv nokon feil, men eg trur ikkje elevane fekk det med seg.”

BN6: ”[---] Eg opplevde heile praksistida som noko nytt, men spennande. Kvar dag lærte eg noko nytt. Sjølv bruker eg berre bokmål i kvardagen, men no måtte eg bruke nynorsk i fire heile veker.[---] ”

N3: ”Da eg var i praksis, opplevde eg at det å skriva på tavla ikkje var så lett. For det fyrste vart det skeivt, og for det andre vart alle bokstavane at ulik storleik. Dessutan følte eg og eit behov for å sjekka alt eg hadde skrive i etterkant. Dette fordi eg måtte skriva alt på nynorsk, noko som gjorde meg litt usikker, sjølv om eg har vakse opp med nynorsk i alle år. Kanskje kom dette av prestasjonsangst. Ikkje veit eg. Men etter kvart gjekk frykta for ikkje å klara å skriva nynorsk på tavla over, og dette har ikkje vore eit problem i etterkant.”

N4: ”Eg syns det var interessant å få vere i praksis på ein nynorskskule, det var inspirerande. Sjølv blei eg meir motivert til å skrive meir nynorsk og utvikle skrivedugleikane mine. Når eg jobba med oppgåver i norsk på praksisskulen, skulle eg ønskje at eg var meir sikker på kunnskapen rundt nynorskskriving. Slik som ein lever i dag, er bokmål dominerande. Det er lett å la nynorsken falle bort, og dette merka eg når eg skulle hjelpe elevane. Også elevane hadde lett for å blande nynorskord og bokmålsord. Dette gav meg motivasjon til å arbeide meir med å skriva nynorsk.”

N5: ”Praksistida på ein nynorskskule har vore spennande og lærerikt. Det har ikkje vore så annleis for meg å undervise til elevar med nynorsk som hovudmål, for det er og mitt hovudmål. Eg har sjølv gått på skular med jevn fordeling av begge målformer og det er naturleg for meg å bruke nynorsk som målform når eg undervis klassen.”

N6: ”Å vere i ein praksisskule der nynorsk var hovudmål hadde sine utfordringar, ikkje minst når det var snakk om tavlebruk. Berre det å skrive på tavla var vanskeleg nok for meg, då eg har ein skrift styggare enn fanden sjølv, og i tillegg skulle det vere med a-infinitiv. Eg er oppseden i ein bokmålsfamilie, men eg har hatt nynorsk som hovudmål på alle skolane eg har gått på. Sidan eg voks opp i ein nynorskommune har eg fått inn mykje nynorsk derifrå, men det er likevel bokmål eg er sterkast i, sikkert mykje takka televisjonen og tekstinga på bokmål. Til tross for at praksisskolen var ein nynorskskule, trur eg ikkje eg hadde store fordelene ovanfor dei andre i praksisgruppa mi. Eg er så lite van med a-infinitiv, så det var svært utfordrande å hugse på å ha a-endingar når ein skreiv noko elevande skulle lese.”

N8: ”Eg var i praksis i ein 2.klasse. Nesten alle elevane i den klassen hadde nynorsk som hovudmål. Det var kanskje 5 elevar som brukte bokmål som hovudmål. Skulen søkte i fjor midlar frå Nynorsksenteret i Volda for å kjøpe inn bøker til eit prosjekt dei kalla ”rettleia lesing” [---] eg tykte det var veldig spennande å vere med på ”rettleia lesing”. Me studentar hadde kvar veke ansvar for kvar vår lesegruppe i 2. klassen.”

N7: ”I praksisperioden i haust og i vår vart eg plassert på ein nynorskskule. Eg tykkjer det var utruleg kjekt å sjå kor mykje denne skulen satsa på nynorskopplæring. På denne skulen hadde dei til dømes brukt mykje ressursar på biblioteket. Bibliotekaren som jobba der hadde mykje kjennskap til nynorske forfattarar og bøker som var satt om til nynorsk. Ho brukte mykje tid og krefter til å få elevane interesserte og motiverte til å lesa bøker på nynorsk.

”Me les, skriv og syng nynorsk” er eit anna prosjekt skulen har, som er utruleg viktig og interessant. Eg tykkjer det er svært viktig at det vert satt meir fokus på nynorsk. Sjølv om ein bur i ein bokmålskommune, må ein ikkje gløyme at det faktisk var slik me snakka før dansk vart blanda inn i det norske språket.”

C Å vurdere

Elevteksten nedanfor er skriven av ein elev på fjerde trinn, med nynorsk som hovudmål.

Strek under dei nynorskfeila du meiner eleven har gjort, og før på det du meiner er dei korrekte formene.

Korleis vil du vurdere nynorskkompetansen til eleven? Kva meistrar han, kva meistrar han ikkje?

Glade jul midt på sommeren
(Gut, 4. trinn)

Det var ein gut og ein jente som spelte fotball. Så datt ballen på sjøen. Dei ville ha ein ny ball. Dei kunne spele blokkfløyte. Det var lenge sidan dei hadde spelt så dei kunne bare huske Glade jul. Det var midt på sommaren. Så det var litt rart og spele ein julesang. Men dei tok med blokkfløytene ned til ferga. Der såg faren dei. Han sa vis og høyrer ein lyd så får dere sitje på. Vi skal til byen sa dei. Vi skal tjene pengar. Dei satt seg på ein benk og spelte. Då spelte det tre gongar utan å få pengar. Så spelte dei det ein fjerde gong, så fekk dei pengar. Når dei trudde dei hadde nok gjekk dei til butikken. Dei manglet 26.50 kr. Dei gjekk ut og spelte. Midt i songen kom butikkmannen ut, han sa dere får ikkje spele utanfor min butikk. Dei begynte og spele igjen mannen kom ut igjen og sa dere skal få ballen bare dere ikkje spelar. Dei fekk ballen og gjekk heim.

Vedlegg 7 Kartlegging gjennom språktestoppgåver – poengskjema

Nynorskbrukarar (+frå bokmål til nynorsk)

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
1 ²²	17	10 (3 %)	12	39
2	14	12 (1,9 %)	4	30
3	18	12 (0 %)	4	34
4	14	12 (0 %)	12	38
5	13	8 (6,8 %)	8	29
6	13	8 (4,1 %)	4	25
7	17	10 (3 %)	-4	23
8	13	12 (0 %)	14	39
Snitt	14,9	10,5	6,8	32,1

Frå nynorsk til bokmål

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
1	13	12 (1 %)	4	29
2	13	12 (1,8 %)	0	25
3	12	10 (2,8 %)	10	32
4	15	10 (3 %)	6	31
5	15	10 (2,1 %)	4	29
6	11	8 (4,5 %)	0	19
Snitt	13,2	10,3	4	27,5

Bokmålsbrukarar

Inf.nr.	Utfylling (max 22)	Friskrivning (max 12)	Elevtekstvurdering (max ca. 20)	Totalt (max ca. 54)
1	16	12 (1 %)	8	36
2	13	10 (4 %) ²³	2	25
5	13	4 (8,3 %)	2	19
6	14	8 (4,1 %)	-2	20
7	14	12 (1,6 %)	8	34
8	14	8 (5,2 %)	2	24
Snitt	14	9	3,3	26,3

²² Denne informanten har skifta hovudmål frå bokmål til nynorsk.

²³ Har berre skrive 25 ord til saman)

Vedlegg 8 Analyse av nynorskkompetanse – system for poengutrekning

Utfyllingsoppgåve (maks 22 poeng)

Eitt poeng for kvart korrekte svar. Sideformer er godtekne.

Friskrivning (maks 12 poeng)

Feilprosenten er rekna ut slik: Talet på feil i ein tekst er dividert med det totale talet på ord i teksten. (5 feil, 50 ord = 10 % feil) Dersom same ord er skrive feil to gongar, blir det rekna som to feil. Trykkfeil og generelle rettskrivingsfeil er ikkje tekne med i reknestykket.

Feilprosenten er så ”konvertert” til eit poengsystem, slik at resultatata i dei tre språkestoppgåvene kan samanliknast.

Konverteringsnøkkel:

0-2 % feil = 12 poeng, 2-4 % feil = 10 poeng, 4-6 % feil=8 poeng, 6-8 % og meir feil =6 poeng, 8-10 % =4 poeng, 10-12 % =2 poeng, 13 % < =0 poeng

Elevtekst (maks 26 poeng)

Studentane får 2 poeng for kvar feil dei finn i elevteksten. Dei blir trekte 2 poeng for å korrigera ordformer som er innanfor nynorsknormalen, anten dei foreslår ei anna godkjend nynorskform eller dei foreslår ei form som ligg utanfor nynorsknormalen.

Vedlegg 9 Resultat frå utfyllingsoppgåva i tabellform.

I tabellen er ordformene frå utfyllingsoppgåva sorterte etter kor mange informantar som har klart å fylla dei ut korrekt (vertikalt). Det er også plotta inn kva for ordformer kvar enkelt informant har klart å få korrekt (horisontalt).

Inf.	A likar	B festar	B fortalde	B jakka	C freistinga	C menneske	D kompisar	D treng	D vore	E skilde	E timar	F lese	F mugger	G stole	H arbeider	H eple	I hjelper	J brør	Jfokuserer	K systrer	L mødrer	M fedrar
N3(18)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x		x	x		
N1(17)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	x	x		x	x			
N7(17)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	x	x		x			x	x	
B1(16)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x		x					
BN4 (15)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x		x	x			x			
BN5 (15)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x							
N2(14)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x		x			x			
N4(14)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	x						
B6(14)	x	x	x	x	x	x	x						x		x	x	x	x	x	x		
B7(14)	x	x	x	x	x	x		x	x	x	x	x		x		x		x				
B8(14)	x	x	x	x	x		x	x	x	x	x	x					x	x				
N6(13)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x										
N5(13)	x	x	x	x		x	x		x	x	x	x	x						x			
N8(13)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	x							
BN1(13)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x				x					
BN2 (13)	x	x	x	x	x	x		x	x		x		x		x	x	x					
B2(13)	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x		x	x		x					
B5(13)	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	x			x						
BN3 (12)	x	x	x	x	x	x	x	x		x	x	x		x				x				
BN6 (11)	x	x	x	x	x		x	x	x	x	x				x							
Totalt	20	20	20	20	19	19	18	18	18	17	16	12	12	11	10	10	8	6	6	3	1	0